# Skolehistorisk årbok

FOR ROGALAND 2013

**TEMA:**

1814 OG DEMOKRATISK DANNING

# SKOLEHISTORISK ÅRBOK
# for Rogaland 2013

*Redaktør:*
Sigmund Sunnanå

*Redaksjonsnemnd:*
Hege Stormark, Kjell Espedal, Marta Gudmestad, Ketil Knutsen, Jan Selvikvåg

**30. årgang**

**TEMA:**
1814 og demokratisk danning

UTGITT AV

SKOLEMUSEUMSLAGET i ROGALAND

STAVANGER 2013

© Skolemuseumslaget i Rogaland – 2013

Grafisk produksjon: Omega Trykk – Stavanger

Lay-out: Kjell Espedal

Framsida: Ilustrasjonen er ved Aage Storstein og er hentet fra Nordahl Rofsens lesebok seksbindsutgaven *Jeg leser!* ved Hans Bergersen i samarbeid med Alf Rolfsen. Gyldendal Norsk Forlag 1955.

ISSN 0801-2520

# Innhald


Forord ..... 5

Skolemuseumslaget i Rogaland og Skolehistorisk årbok er 30 år ..... 7
*Av Sigmund Sunnanå*

Grunnlovens verdi- og maktgrunnlag ..... 9
*Av Roald Berg*

Demokratisk danning – kva er det? ..... 15
*Av Tora Aasland*

Regionane i nasjonsbygginga ..... 19
*Av Erik Fossåskaret*

Norsk skule – folkeleg og folkestyrt ..... 24
*Av Jostein Osnes*

Historieundervisning og demokratisk dannelse i historisk perspektiv ..... 31
*Av Ketil Knutsen*

Lesebokforfatter Nordahl Rolfsen i ly av sin tid ..... 38
*Av Bjørn Birkeland*

Då Norge var Finland
Nasjonsbygging, skule, språk og lærarrolle i Venstre-staten (1884-1940) ..... 43
*Av Tom Hetland*

Læraren – «abc-indbanker eller folke-lærer i og for livet»? ..... 49
*Av Svein Helgesen*

Ole Gabriel Ueland – omgangsskulelæraren som vart bondehovding og forkjempar for lokalt og nasjonalt folkestyre ..... 58
*Av Sigmund Sunnanå*

Nasjonalsangene og demokratisk dannelse ..... 65
*Av Ernst Baasland*

Kjensler og kunnskap - eit tilbakeblikk på 17. mai ...74
*Av Anne Berit Skeie*

Lange 17. mai sløyfa ..... 77
*Av Kjell A. Jensen*

Demokrati i skolen
Kunnskaper og ferdigheter som ikke kan måles ..... 82
*Av Kjell A. Jensen*

Samarbeidet hjem-skole som formidler av demokratiske verdier ..... 88
*Av Marta Gudmestad*

Over fjorden og heimatt ..... 96
*Av Kjell Espedal*

Kort omtale av forfattarane ..... 101

Artikkeloversikt 2006 – 2013 ..... 103

Medlemsliste for Skolemuseumslaget 2013 ..... 107

Årsmelding for Skolemuseumslaget 2012 ..... 110

Rekneskap for Skolemuseumslaget 2012 ..... 111

Bli medlem i Skolemuseumslaget ..... 112

# Forord

Neste år, 2014, er eit jubileums år for Grunnlova. For redaksjonsnemnda var det derfor naturleg å ha 1814 og demokratisk danning som tema sidan denne årboka kjem ut ved slutten av året 2013. Vi har prøvt å få fram artiklar som på ulike måtar viser korleis Grunnlova har vore til inspirasjon og påverka samfunnsutviklinga og dermed også synet på oppseding og skule i to hundre år.

Temaet kan sjølvsagt vinklast på mange måtar. Vi har valt å få med artiklar som seier noko om sentrale verdiar i Grunnlova og korleis desse har påverka haldningar og handlingar i skule og samfunn. l skuleskrinet til mange omgangsskulelærarar på 1800-tallet låg der gjerne eit eksemplar av Grunnlova forutan Bibel, katekisme og salmebok. For omgangskulelæraren Ole Gabriel Ueland var Bibelen og Grunnlova sjølve fundamentet for vårt folks liv. Frå midten av 1800- talet til midten av 1900-talet kom lærarane både som gruppe og som enkeltpersonar til å stå sentralt i nasjonsbygginga og utviklinga av demokratiet.

Ideane og verdiane i Grunnlova vekte interesse for historie både i skulen og hos folk flest. Dei har også vore til inspirasjon for lærebokforfattarar og for utvikling av læremiddel. Eit meir folkeleg språk både i skrift og tale vart meir vanleg frå slutten av 1800-talet. Dette verka pedagogisk frigjerande i skulen og la grunnlaget for at nye folkegrupper kunne bli aktive deltakarar i politikk, kultur- og samfunnsliv. På slutten av 1800-talet skjedde det store endringar i vårt politiske styringssystem. Dette var også ein av dei mest aktive kulturelle epokane i vårt land med mellom anna framståande diktarar og kunstnarar innan musikk og målarkunst.

Vi har eit rikt utval av nasjonalsongar. Desse har vore viktige i identitetsskapinga og nasjonsbygginga. Særleg i krigstida 1940 - 1945 var nasjonalsongane viktige i kampen mot okkupasjonsmakta. Dei har i alle år stått sentralt i 17. mai feiringa og er ein viktig del av vår kulturarv. Vår feiring av 17. mai, der ikkje minst barna er i sentrum, vekkjer nasjonalkjensle og skaper nasjonal identitet.

Internasjonale undersøkingar viser at norske skuleelevar skårar høgt på kunnskap om demokrati og på deltaking i demokratiske prosessar. Dette har mellom anna samanheng med dei arbeidsmåtane som blir nytta i skulen og vektlegginga på samarbeid og samhandling mellom alle partar i skulesamfunnet. Vi har i vårt land ein folkeleg og folkestyrt skule der foreldre og lokale politikarar har stort ansvar for å leggja forholda til rette for utbygging og utvikling av ein god skule.

l årboka for 2005 er det eit oversyn over artiklar og forfattarar i årbøkene frå 1984 til 2005. I årboka i år har vi ført dette oversynet vidare slik at det omfattar alle artiklane og forfattarane til og med årboka i år. Vi har også med ei liste over medlemmene i laget.

Redaksjonsnemnda vonar at lesarane vil finna mykje interessant stoff i denne årboka. Vi takkar alle som har skrive artiklar og elles vore med på å få årboka i stand.

*Stavanger, november 2013*
*Sigmund Sunnanå*

# Skolemuseumslaget i Rogaland og Skolehistorisk årbok er 30 år

***Av Sigmund Sunnanå***

Denne årboka er den trettiande årgangen av Skolehistorisk årbok for Rogaland. Årboka blir gitt ut av Skolemuseumslaget i Rogaland. Dette laget vart skipa 3. april 1984. Laget skulle vera eit frittståande støttelag for Vestlandske skolemuseum. Arbeidsdelinga vart ordna slik at Skolemuseumslaget skulle samla inn skolehistorisk stoff av eldre og nyare dato og presentera dette i ei årbok. Skolemuseet skulle stå for ordinær museumsaktivitet og mellom anna samla inn læremiddel og utstyr som var aktuelle i skolemuseumssamanheng og laga utstillingar og driva utoverretta formidling.

Vedtekter for laget vart vedtekne på årsmøtet 30. mai 1985. I § 1 står det at:«Skolemuseumslaget er et frittstående støttelag for Vestlandske Skolemuseum, Stavanger. Det har til oppgave å samle inn skolehistorisk stoff av så vel eldre som nyere dato, spesielt fra Rogaland. Stoffet forsøkes gjort kjent gjennom utgiing av ei årbok». Dette føremålet har seinare vore gjeldande for laget – også etter at Vestlandske skolemuseum frå 1. januar 2008 vart ein del av Stavanger Museum (MUST).

Initiativtakar til skolemuseumslaget var mag. art. Kåre Dreyer Dybdahl. Lærar Johan Lindal vart vald til formann og Kåre Dreyer Dybdahl til sekretær og redaktør. Styremedlemmer var Jan Selvikvåg, Bjørnar Tuftedal og Liv Dreyer Dybdahl. Johan Lindal var formann til 1999 då Arne Tytlandsvik tok over leiarvervet. Med seg i styret fekk han Sverre Meling, Roar Svendsen, Bente Kvame og Gunvor Selvikvåg.

I 2000 vart Jan Selvikvåg valt til styreleiar. Styremedlemmer var: Gunvor Selvikvåg (sekretær og kasserar), Sverre Meling, Arne Tytlandsvik og Roar Svendsen. Jan Selvikvåg var styreleiar til 2008 då Sigmund Sunnanå overtok dette vervet. Styremedlemmer: Kjell Espedal, Ketil Knutsen, Sverre Meling og Gunvor Selvikvåg. I 2010 overtok Marta Gudmestad Sverre Melings plass i styret.

Den første årboka kom ut i 1984. Kåre Dreyer Dybdahl kom deretter til å ha redaktøransvaret for årboka til og med 1997. I alt skreiv han 44 artiklar i årbøkene. Dette vitnar om omfattande skolehistorisk innsikt og kunnskap. I årbøkene for 2001 og 2002 er det ein presentasjon av denne aktive og skolehistorieinteresserte skolemannen.

Redaksjonsnemnda tok over redaktøransvaret då Dreyer Dybdahl slutta som redaktør. Han var likevel eit par år med i redaksjonsnemnda. I 2000 tok Jan Selvikvåg over som redaktør. Han hadde denne jobben til 2008 då Sigmund Sunnanå fekk redaktøransvaret. Redaksjonsnemndene har bestått av redaktøren og nokre av styremedlemmene og ein representant for skolemuseet.

I 2013 er Sigmund Sunnanå (redaktør), Jan Selvikvåg, Kjell Espedal, Ketil Knutsen, Marta Gudmestad og Hege Stormark i redaksjonsnemnda.

Jan Selvikvåg har vore medlem i redaksjonsnemnda for årboka frå starten i 1984. Saman med Arne Tytlandsvik har han også gjort ein imponerande innsats for oppbygging og utvikling av Vestlandske skolemuseum. I Skolehistorisk årbok for 2001 er det ein omtale av denne innsiktsfulle, arbeidsame og skolehistorieinteresserte skolemannen.

Skolemuseumslaget har også ei rekkje administrative oppgåver. Dette gjeld mellom anna budsjett og rekneskap, ut- og innbetalingar, halde orden på medlemslistene, utsending av årbøker, leggja tilrette for styre- og årsmøte, skrive møtereferat og årsmeldingar. Frå 1984 til 1999 var Liv Dreyer Dybdahl styremedlem og hadde ansvaret for dei administrative oppgåvene. Ho hjelpte dessutan mannen sin (som var ufør) med å henta bøker og arkivstoff frå bibliotek og arkiv som han skulle nytta til skriving av artiklar.

I 1999 vart Gunvor Selvikvåg valt til styremedlem og overtok ansvaret for dei administrative oppgåvene. Gunvor Selvikvåg har på ein svært god måte ivaretatt denne viktige funksjonen i laget si verksemd. Som alt anna arbeid i dette laget er også dei administrative oppgåvene baserte frivillig innsats.

Det går fram av dei første årsmeldingane at laget var oppteke med å verva nye medlemmer. Medlemmer var -og er- skuleinteresserte enkeltpersonar og skular, bibliotek m.fl. I 1985 -87 gjorde Bjørnar Tuftedal og Jan Selvikvåg ein stor innsats for å få fleire medlemmer. I 2013 har laget ca. 300 medlemmer. Medlemskontingenten har i alle år vore låg. Den var i mange år kr 50,-, vart auka til kr 75,- og er nå kr 100,-. Laget har fått støtte til å gi ut årboka frå staten, Rogaland fylkeskommune, Rogaland lærarlag/Utdanningsforbundet i Rogaland og Stavanger Museum (MUST). I fleire år hadde laget også annonseinntekter.

Arbeidet med årboka har i alle år vore basert på ulønna innsats og dugnadsarbeid. Det er imponerande kor mange som kvart år er villige til å skriva artiklar utan betaling. Gjennom åra er det samla omfattande skolehistorisk stoff av god kvalitet. I samband med dette jubileet er det grunn til å takka alle som gjennom åra har skrive artiklar og elles vore med på å få boka i stand.

Redaksjonsnemnda har fått relativt gode tilbakemeldingar på årbøkene. Somme seier at skolefolk – særleg dei unge - er lite interesserte i skolehistorisk stoff. Dette kan det sikkert vera ulike meiningar om. Vi ser det likevel slik at innhaldet i desse bøkene kan gi eit bilete av aktuelle skolehistoriske spørsmål i vår tid. Innhaldet i årbøkene kan såleis vera verdifullt og interessant også med tanke på kommande generasjonar.

Med denne årboka vil nåverande redaktør takka for seg. Arbeid med andre prosjekt krev nå meir tid. Å vera redaktør av årboka har vore ein interessant og givande jobb. Styret vil arbeida aktivt for å få ein ny redaktør til å føra arbeidet vidare slik at årboka kan koma ut i stadig nye årgangar.

# Grunnlovens verdi- og maktgrunnlag

***Av Roald Berg***

1814 er «annus mirabilis» - mirakelåret - i norsk historie. Den som formulerte denne berømte karakteristikken av det formative året i moderne norsk historie, var slottspresten på Akershus, Claus Pavels. I sin dagbok noterte han på årets siste dag hvilke veldige forandringene som hadde vederfaret ham og hans landsmenn: «Uden afgjørende Feltslag, uden blodige og voldsomme Revolutioner tror jeg ikke nogen Nations Historie kan fremvise Magen til et saadant Aar. Selv Napoleons Katastrophe forbauser mindre.»

De hadde vært dansker inntil stormaktene i Kieltraktaten den 14. januar hadde bestemt at kongen i København skulle avstå Norge til den svenske konge. Under ledelse av den danske stattholder i Norge, prins Christian Frederik, hadde de motsatt seg at kongen fikk behandle dem «som en flok af Dyr, [...) ene skabt til at lyde regentens vilkaarlige Bud», som Jacob Aall, en av Grunnlovsfedrene, sa det. De gjorde opprør mot Kieltraktaten, sammenkalte en riksforsamling og etablerte Norge som stat med sin egen grunnlov, sin egen folkeforsamling – Stortinget – og sin egen konge, Christian Frederik, den 17. mai.

Så kom tilbakeslaget. Sverige invaderte Norge i august. I et hurtig sammenkalt Storting ble grunnloven forandret slik at den lot seg forene med den unionen med Sverige som ikke var til å unngå. Men på grunn av Christian Frederik og de norske stormennenes opprør mot Kiel-traktaten og den grunnloven som de fikk vedtatt i mai, var det den norske folkeforsamlingen, Stortinget, som gikk inn i unionsfellesskap med det svenske kongeriket ved å velge den svenske kongen til Norges konge, den 4. november. – Unionen ble dermed et kongefellesskap mellom to stater, og Norge ble ikke overført fra en fyrste til en annen.

*Sverige invaderte Norge i 1814. Det ble grunnlaget for unionen mellom Norge Sverige.*

Det første påfallende trekket ved 17. mai-grunnloven og dens forhistorie er altså at Kiel-traktatens idéhistoriske forutsetning ble forkastet. Norge bestod ikke lenger av «en flok af Dyr» som enevoldskongen kunne herske over og til og med kvitte seg med fordi det var hans arvede eiendom, men et kongedømme basert på teorien om folkesuverenitet. De dynastiske arverettighetene av «Guds nåde», ble avløst av læren om at kongen måtte ha folkets fullmakt til å styre staten. Eneveldet ble erstattet av et konstitusjonelt monarki.



*Kongerige Norges første grundlov fra 1814.*

Historikeren Trond Nordby har imidlertid minnet om at folkesuvereniteten var en doktrine som handlet om å legitimere politisk makt. Og det gjaldt på to måter.

Innad kunne Christian Frederik si til sine norske undersåtter at de selv hadde valgt ham til norsk konge. Dermed satt han trygt i sadelen. Utad legitimerte folkesuverenitetsidéen Christian Frederiks opprør mot stormaktenes bud om å medvirke til at Norge ble overført fra den danske til den svenske kongen. Han kunne vise til at folket motsatte seg å bli behandlet «som Dyr». Og dermed kunne han muligens bringe Norge tilbake under Danmark med tid og stunder.

Men ikke dermed sagt at folkesuverenitetstenkningen utelukkende var taktisk begrunnet fra kongemaktens side. I utgangspunktet hadde derimot prins Christian Frederik tenkt seg at han skulle bli konge i Norge i kraft av sin arverett. Det var hans norske rådgivere som forlangte at han skulle basere seg på den nye tidens internasjonale idégrunnlag og vende ryggen til enevoldstenkningen fra tiden før den franske revolusjon.

Jusprofessor Ola Mestad har påvist hvordan den norske eliten i 1814 var utdannet i og derfor formet av universitetsstudier i kongens by, København. De kjente sin Montesquieu, Rousseau, og først og fremst den store danske statsrettsjuristen Johan Schlegel, som var deres lærer. Fra hans kateter var teorien drillet inn om at makten i staten skal utgå fra folket og at den førrevolusjonære læren om et kongedømme av Guds nåde ikke lenger kunne legitimere politisk makt og styre. Bruddet med eneveldet var inspirert av de nyeste europeiske teorier og tanker om statens styre. Statskuppet i Sverige med tilhørende ny grunnlov i 1809 var et eksempel på at eneveldet stod for fall ved inngangen til 1800-tallet, den norske Grunnloven i mai 1814 var et annet eksempel på at enevoldstanken hørte fortiden til.

Grunnlovsfedrene på Eidsvoll våren 1814 var i følge moderne rettshistorisk forskning dominert av «juristfilosofer» med Wedel, Falsen og Christie i spissen. Som trente juridiske tenkere og moderne statsmenn var de opptatt av å begrense kongens makt i henhold til de *to* teoriene: Om folkesuverenitet og om maktfordeling.

I henhold til Montesquieus ideer måtte man unngå at makten i staten ble samlet i ett enkelt organ. Det ville gjøre staten til et despoti, også dersom en folkeforsamling fikk hånd om all makt. I sin teori om maktbalanse for å hindre despoti skilte den franske filosofen mellom tre hovedtyper av makt i staten, som burde holdes fra hverandre, nemlig den lovgivende makt, den utøvende

makt og den dømmende makt. Denne læren om maktens deling fikk stor innflytelse i de europeiske og amerikanske konstitusjonene på slutten av 1700-tallet og framover. Særlig i den amerikanske 1776-grunnloven ble det reist vanntette skott mellom de tre kanalene for politisk styre slik at for eksempel presidenten har temmelig frie hender til å føre krig, mens kongressen har ansvaret for finansieringen av krigføringen.

Eidsvoll-grunnloven fastslo en tilsvarende maktdeling mellom regjeringen/kongen, Stortinget og domstolene. Det spesielle i det norske tilfellet ble kanskje at den norske kongemakten fikk en sterkere maktstilling enn mange andre steder fordi Stortinget med sin lovgivende myndighet bare var samlet hvert tredje år og fordi kongemakten i de mellomliggende periodene hadde mandat til å styre, om nødvendig med provisoriske anordninger.

Det var denne overvekten for det kongelige styret som ble redusert i 1869 – med årlige storting – og fra og med 1884, da det ble fastslått at kongen måtte ta hensyn til Stortinget når han utnevnte nye regjeringsmedlemmer. Og gjennom hele unionstiden var det et spørsmål om maktfordelingen mellom den lovgivende og den utøvende makt som var dynamitten og dynamikken i den striden mellom kongemakten og Stortinget som endte i 1905, nemlig om Stortingets vedtak i grunnlovssaker måtte godkjennes av kongen. – Det nye fra og med 1905 var først og fremst at kongens selvstendige makt ble avløst av folkemakten ved at folkets representanter både i Stortinget og regjeringen fikk det siste ordet i statens styre, mens kongemakten ble redusert til et statssymbol.

Det demokratiske innslaget i Eidsvoll-grunnloven var en følge av spørsmål om maktdelingen mellom statsmaktene. Men det hadde naturligvis også sammenheng med stemmerettsreglene. Her var Eidsvoll-grunnloven radikal, sammenliknet med andre grunnlover på begynnelsen av 1800-tallet. Opp mot 45 % av den mannlige befolkning over 25 år hadde stemmerett. Rett nok har det vært påpekt av moderne historikere at den norske grunnloven neppe var så radikalt forskjellig fra en del av grunnlover på samme tid – særlig en del deltastsgrunnlover i USA. Men det viktigste argumentet for å helle litt kaldt vann i det nasjonalt-heroiserende blodet som bruser gjennom norske årer ved tanken på Grunnlovens demokratiske karakter, er å minne om en observasjon som historikeren Sverre Steen gjorde allerede i 1954: Norges Grunnlov stod på linje med for eksempel den svenske 1809-konstitusjonen i den forstand at politikere selv i eneveldige stater ikke oppfattet den som noen trussel mot sitt regime og derfor ikke på noe tidspunkt overveide å gjøre som stormaktene gjorde ut over i 1820-årene i en rekke urolige stater: Å intervenere militært. 1814-grunnloven ble akseptert både av Karl Johan og av stormaktene som et uttrykk for at Norge var og skulle være en stat – om enn i union med den sterkere naboen.

Europa var et repressivt og autoritært standssamfunn på begynnelsen av 1800-tallet. Både forholdet mellom stater og mellom folkene i statene var preget

*Riksforsamlingen på Eidsvoll i 1814.*

*Eidsvollsbygningen hvor Grunnloven 1814 ble vedtatt. Bygningen er renovert til 200 års jubileet i 2014.*

av over- og underordning og av brutal undertrykkelse av «fredsforstyrrere», som det het med en eufemisme, men uten ironi.

Grunnloven i Norge avvek tilsynelatende fra dette hovedmønsteret ved at dens sentrale idé, slik historikeren Øystein Sørensen har uttrykt det, er ideen om at alle mennesker er født med like rettigheter. Grunnloven forbød da også en ny adel i Norge. Dermed satte grunnlovsfedrene bom for å skape ny ulikhet. Likeledes fastslo grunnloven prinsippet om lik militær verneplikt for alle unge menn i hele kongeriket i tråd med teorien om alle innbyggernes likhet i staten.

Men disse rettighetene til lik behandling gjaldt jo bare for *norske* borgere i riket. Derfor konkluderer Sørensen at Grunnloven fikk «et mer nasjonalistisk preg enn de franske og nordamerikanske forfatningene», som den bygde på. Vi kan jo legge til at forbudet mot ny adel var et effektivt middel for å forhindre at unionen ble noe mer enn et løst kongefellesskap ved at det stengte tilgangen til en adel som også kunne komme fra Sverige.

Vi må dessuten tilføye at likhetsprinsippet internt i riket var tilpasset standssamfunnets ulikhetspraksis med den følgende argumentasjon av Nikolai Wergeland i debatten om verneplikt på Eidsvoll: Alle landets (mannlige) borgere var naturligvis pliktige til å tjene fedrelandet. Men *måten* å tjene fedrelandet på, måtte ta hensyn til de ulike samfunnsgruppenes forskjellige kompetanse og rolle i samfunnsmaskineriet. Noen skulle tjene staten med plogen, noen med pennen og noen med handel. «Bondesønnen kan kun tjene Staten med sit Legeme ... anført af Mænd, som dertil ere udgangne af de andre Klasser i Samfundet.» Altså var det bare bondeguttene som skulle gå i krigen for sitt fedreland som soldater, mens offiserene kom fra overklassen.

En liknende tankegang lå bak et bemerkelsesverdig unntak fra prinsippet om *næringsfrihet*, som var et annet uttrykk for de frihetsprinsippene som gjennomsyret Grunnloven og for bruddet med enevoldsstatens merkantilistiske tvangstrøyer. «Marknadsfridom for omsetning av jord ville Riksforsamlinga på Eidsvold ikkje ha», noterer Ola Mestad. Mens eneveldets merkantilistiske detaljstyre i forretningslivet bit for bit ble opphevet ut over på 1800-tallet, ble nemlig odelsretten grunnlovsbeskyttet som «ein løysingsrett for slekta». Dermed ble det jo også reist enda en sperre mot de ikke-norske og det ikke-norske som gav Grunnloven et ytterligere nasjonalistisk preg. Det var, for igjen å sitere Sørensen, «et tungt etnisk innslag i nasjonsoppfatningen i 1814».

Også Grunnlovens § 100 om trykkefrihet hadde noen viktige modifikasjoner. Den var, for det første, mindre omfattende enn den danske meningsfriheten på 1770-tallet, for eksempel, i eneveldets tid. For Grunnloven forbød de frimodige ytringer hvis disse oppfordret til «Ulydighed», «Ringeagt for Religionen», motstand mot statens «Befalinger», for å nevne noe. «Pinlig forhør» (altså tortur) av forbrytere ble forbudt, men det var altså fortsatt en ubetinget forbrytelse, som ble straffet hardt og bestemt, å sette seg opp mot myndighetene – uansett hvilken begrunnelse man nå påberopte seg for sin oppsetsighet.

I hele Europa fryktet fyrster og herskere i årtiene etter den franske revolusjon at enhver tendens til sosial uro kunne utvikle seg til revolusjon. Unionstiden i norsk historie ble da også innledet med folkeoppløp både i Kristiania og for eksempel i Bergen sommeren 1814, og i 1818 var et par tusen bønder på vei til hovedstaden for å tvinge Stortinget til å redusere skattene etter avlingssvikt og sult. Men alle slike «tumultariske Opløb» ble sett på som trusler mot «den offentlige Rolighed» og derfor slått ned, om nødvendig med militære styrker. Men det skulle bare skje i lovlige former, het det i Grunnlovens § 27: Etter tre gangers opplesning av landslovens opprørsparagraf. Under det såkalte torgslaget i 1829 var Henrik Wergeland en av de studentene som fikk merke hva dette betydde da han nektet å etterkomme ordre fra kommandanten på Akershus om å avslutte 17. mai-festlighetene. Han fikk sin frakk spjæret av en kavalerist. Men altså først etter at opprørsparagrafen var opplest de tre gangene. Og han ble jo ikke fysisk skadet.

Det gikk praktisk talt ikke liv tapt under uroligheter i Norge på 1800-tallet (med unntak av en streikende arbeider som ble skutt i 1891, skildret med dikterisk frihet av Per Sivle i romanen *Streik*). Men det var neppe fordi myndighetene var mer liberale her til lands enn andre steder. Kanskje var de heldige, kanskje hadde de mer kraftfulle virkemidler til sin rådighet for å holde fattigfolk og andre urokråker i ro. Kanskje var det først og fremst fordi Grunnloven, som raskt ble opphøyd til et ikon for nasjonen og dens befolkning, gav statens myndigheter den legitimitet som gjorde at folk fant seg i urettferdighet og tvang på 1800-tallet – både på det timelige og det åndelige planet.

Grunnloven fastslo religionsfrihet i riket, men inneholdt samtidig de beryktede forbudene mot adgang for jøder, jesuitter og munkeordener til riket. Det var

*Dagens stortingsbygning i Oslo.*

naturligvis ytterligere et ledd i den etnisk-nasjonale inngjerdingen av staten og dens territorium. Men i tillegg var jo religionsfriheten temmelig fiktiv så lenge Grunnlovens § 8 bestemte at den evangelisk-lutherske religion «bør forblive Statens og Regentens Religion». Dette var ikke tomme ord i 1814 og heller ikke senere. Tvert imot viser de lange linjer i norsk historie etter 1814 at den religiøse tro har hatt avgjørende betydning for norsk politikk.

I dagliglivet kan vi nesten snakket om et prestestyre her i landet, slik lokalhistorikerne Hallvard Nordås og Birger Lindanger har vist i bygdeboken for Klepp på Jæren. Der stelte presten med saker som svarte til om lag 90 % av kommunens inntekter i året 1852, for eksempel, altså lenge etter at det kommunale selvstyret ble innført. Videre kontrollerte han normene for folks livsførsel – og normene var strenge. Det var således forbudt – rett og slett – å arbeide på søndager. Konfirmasjonen var obligatorisk helt fram til 1912, og unndragelse av konfirmasjon var gjenstand for straffeforfølgelse. **Først** i 1840-årene fikk Norge religionsfrihet for *kristne* dis-

sentere. Ikke før i 1964 ble bestemmelsen om full religionsfrihet i kongeriket tatt inn i Grunnloven. Det fikk på ingen måte den følge at ikke-kristelige religioner fikk innpass i riket. I 2003 utgjorde medlemmer i ikke-kristne trossamfunn i underkant av 2 prosent av befolkningen. (Faren for såkalt snikislamisering synes ikke overhengende). Og når vi nå står foran en omfattende modernisering av Grunnloven i 2014, har kong Harald motsatt seg forslaget om å fjerne Grunnlovens krav om at kongen skal bekjenne seg til den lutherske religion. Også i det 21. århundre skal Norge fortsatt definere seg som en kristelig stat.

Nå har jo rett nok kristendommen mistet mye av sin politiske makt over sinnene på de 200 år som har gått siden 1814 på samme måte som de autoritære trekk for øvrig i statens styre har tapt seg betydelig. Men Ola Mestad har minnet om at i 1814 ble det totalitære statsstyre fra enevoldstiden «særleg ført vidare i statskyrkjeordninga». Prestene hadde førstelinjeansvaret for å holde fattigfolk i ro ved å formane dem om den evige straff som ville ramme den som ikke fant seg i sin skjebne. Juristene stod klar med lovboken. Og kavaleriet var altså i beredskap dersom massene nektet å oppløse seg.

Et par hundre år etterpå må vi slutte av med å minne om at Eisdsvoll-verket ikke omfattet kvinnene og heller ikke drøyt halvparten av de voksne mennene. Eidsvoll-grunnloven i 1814 stengte ute jesuitter og jøder fra det norske samfunnets borgerskapsbegrep. Først etter 100 års kamp mellom kongemakten og Stortinget – om den rette balansen mellom maktfordeling og folkesuverenitet – fikk kvinnene stemmerett i 1913. Og det var ikke (den svenske) kongen av Norge som her nektet å følge Stortingets vilje.

Claus Pavel hadde rett i at året 1814 var et mirakelår for den norske statens fødsel som rettsstat bygd på folkesuverenitet. Mens det i begynnelsen av 1814 lå an til at landet skulle behandles som kongens private eiendom og overføres til Sveriges konge uten hensyn til hva innbyggerne måtte mene, endte det med at kongeriket Norge med sitt eget storting og sin egen regjering gikk inn i en union med nabostaten på basis av Grunnloven og Stortingets valg av den svenske kongen til Norges konge – og på bakgrunn av *prinsippet* om borgernes like retter. Men først niognitti år senere – i 1913 – *ble* Grunnloven demokratisert for alle landets borgere.

## Litteratur:


Andenæs, Mads & Ida Andenæs Galtung, *Grunnloven vår,* 15. utg., Oslo 2012.

Roald Berg, *Profesjon-union-nasjon 1814-1905*, bd. 2 i *Forsvarets historie*, Bergen 2001.

Roald Berg, Misjonshistorie og samfunnsforskning, i *Nytt Norsk Tidsskrift* 3-4/2009, s. 322-336.

Ståle Dyrvik, Året 1814, Oslo 2005.

Fure, Eli, *Eidsvoll 1814*, Oslo 2013.

Eirik Holmøyvik, *Maktfordeling og 1814*, Bergen 2012.

Birger Lindanger & Hallvard Nordås, *Klepp bygdesoge 1837-1987*, Kleppe 1987.

Ola Mestad (red.), *Frihetens forskole. Professor Schlegel og eidsvoldsmennenes læretid i København*, Oslo 2013.

Knut Mykland (red.), *Omkring 1814*, Oslo 1967.

Trond Nordby, *I politikkens sentrum. Variasjoner i Stortingets makt 1814-2004*, Oslo 2004.

Claus Pavels, *Claus Pavels›s Dagbøger for Aarene 1812-1813*. Utg. Den norske historiske Forening, Kristiania 1889.

Sverre Steen, *Krise og avspenning*, bd. 3 i *Det frie Norge*, Oslo 1954.

Øystein Sørensen, *Kampen om Norges sjel,* bd. 3 i *Norsk idéhistorie,* Osl

# Demokratisk danning – kva er det?

***Av Tora Aasland***

## Danning

*Eld han tarv / som inn er komen / og um kne kulsar. Til mat og klæde /den mann hev trong / som hev i fjell fari. Vatn og hand-duk han ventar å få / når til bords han vert beden. / Syn godlaget fram / so greidleg du kan / med ord og attbeding. Vit han tarv / som vidt skal fara /d'er mangt heime høvelegt / til bis'n han vert /som veit for lite/ når han sit med kloke folk saman.*

Håvamål er vel eit av våre aller fyrste lærestykke i danning. Gode råd frå far til son har alltid vore ein god ballast på kunnskapsreisa.

Omgrepet danning har mange fasettar. Danningsutvalet for høgre utdanning la fram sin rapport i 2009, og syner blant mange stemmer til Allan Bloom: «Det foreligger ingen visjon, heller ikke konkurrerende visjoner, om hva et dannet menneske er.»

Om det ikkje ligg føre *ein* felles visjon, så finst det eit mylder av visjonar eller synspunkt på kva danning skal tyde i og for vår tid. Danningsutvalet sin antologi ga eit fleirstemt og viktig bidrag til debatten om danning, ikkje minst til spørsmålet om kva rolle dei høgre lærestadene og dei einskilde faga skal ha i møte med utfordringane i dag.

Kvalitetsreforma for høgre utdanning er forankra i Mjøsutvalet si utgreiing (NOU 2000:14 Frihet med ansvar). Utvalet seier i kapittel 2: «I sjølve samanbindinga av forsking med undervisning ligg ei førestelling om nytte anten det omtalast som menneskeleg danning eller velferd. Institusjonane representerer eit danningsideal som kjem i møte ein trong for omstilling og livslang læring. Målet er å utdanne sjølvstendig tenkjande menneske som maktar å tileigne seg ny kunnskap og fordomsfritt kunne møte nye tilhøve og førestellingar.»

Frå Aristoteles si tid har debatten gått om tilhøvet mellom individet si personlege utvikling og den trong fellesskapet har for kunnskap og moral. Alle tider har tilført idear til danningsdebatten. I dag spenner den frå dei klassiske danningsideala til digital danning. Nett dette er avgjerande viktig: Debatten må gå inn i si eiga tid for å vera utdanningspolitisk relevant. Sitatet frå Mjøsutvalet tydeleggjer nokre sentrale føresetnader for dei høgare utdanningsinstitusjonane.

Danning peiker mot mennesket sin personlegdom og individets evner og anlegg, åtferd og moralske haldning utvikla gjennom oppseding, miljø og utdanning. Allmenndanning dannar grunnlaget for den innsikta mennesket har i å forstå seg sjølve i høve til andre og i høve til samfunnet.

Danning er å kunne og å duge. Allmenndanning er å utvikle kunnskap og dugleikar saman med andre. Praktiske dugleikar, kjennskap til tradisjonar og fagspråk gir fellesskap og trygg forankring som i sin tur stimulerer til innovasjon, nytenking og å vere open for det ukjende.

*Lyttande unge.*

Som historisk omgrep har danning vore knytt til kjennskap til klassisk litteratur, filosofi og kultur. Det er framleis trong for historiske og faglege perspektiv på kunnskap, men vi må vakta oss for eit ideal som diskriminerer gjennom å diktere kva ein bør vite noko om, og med det kva ein ikkje bør vite noko om. Slik tenking er elitær og ikkje i tida. For korleis kan vi legitimere at det ei gruppe i samfunnet føretrekker skal ha ein meir privilegert status, og med det skal kunne tvinge sine ideal på andre?

Det moderne informasjonssamfunnet gir oss nye utfordringar om kva danning er og korleis ein vert eit danna menneske. Før var det nokre kanalar for informasjon og debatt kor relevante samfunnsspørsmål regelmessig var på dagsorden. I dag er samfunnsdebatten ein stadig smalare del av medie- og internettkvardagen, som ofte er dominert av underhaldning og marknadsføring. Den einskilde må difor ta meir aktive val for å halde seg informert om viktige samfunnsspørsmål. Ei utfordring i det nasjonale danningsprosjektet må difor vere å stimulere til å ta dette aktive valet.

## Demokrati

Vi veit frå ein ny internasjonalt demokratiundersøking (International Civic and Citizenship Education Study 2009) at norske elevar i grunnskulealder har særs god kunnskap om og haldning til demokrati og medborgarskap, samanlikna med ei rekke andre land, og dei nordiske. Undersøkinga omfatta berre grunnopplæringa, men ho gir ein god peikepinn på korleis utdanningssystemet i det heile verdset deltaking, samfunnsengasjement og demokratiforståing. Dette er eit kunnskapsfunn vi kan vere stolte av på vegne av den norske skulen.

Utviklinga i samfunnet gjer at evna til kritisk refleksjon og sjølvstendig tenking stadig vert viktigare for den einskilde. Vitskaplege førestellingar påverkar samfunnet; ikkje minst ser vi det i miljø- og klimaspørsmåla. Det å vere i stand til å skilje gyldige argument frå tvilsame påstandar er avgjerande for å kunne gjere gode val og for å kunne gjere seg opp ei meining i saker som verkar inn på eige liv og eige samfunn.

*Spire.*

Arne Garborg har sett ord på dette som på så mykje anna:

«Å heller vil eg med augo sjå / enn dauv og blind gjennom verdi gå / og ikkje det sanne skilja.»

Særleg universiteta ser ei viktig oppgåve i å vidareutvikle ein vitskapleg tenkemåte som eit allmennintellektuelt fundament for vår tid. Utdanningane sine oppgåver vert då å gjere studentane kjent med grunnprinsippa for vitskapleg tenking og forskingsetikk, og å syte for at dei lærer eit verkty for tanken som dei sjølve kan nytte for å skilje sant frå usant og haldbart frå uhaldbart.

Når høgare utdanning fungerer på sitt beste, vert den intellektuelle nysgjerrigheita stimulert, og studentane utviklar ein tenkemåte som er etisk og vitskapleg forankra. Kjennskap til grensene for eigen dugleik og det å anerkjenne andre sine tankar og perspektiv er noko av det viktigaste felles grunnlaget vi kan byggje på i dagens verkelegheit. Og heldigvis er ikkje danning lengre noko som berre gjeld dei få utvalde. Danning har vorte demokratisert.

På 1860-talet, då Universitetet i Oslo hadde eksistert i om lag 50 år, blei det uteksaminert rundt 150 kandidatar. Hundre år etter, i 1960, var det totalt 1193 som tok ein universitetsgrad. I dag er situasjonen heilt annleis. Talet på studentar er nå over 200 000, og talet på doktorgrader er godt over 1000 kvart år – ei dobling på dei siste ti-åra. Alle desse tala kjem til å stige. Det seier mykje om den utviklinga vi står framfor. Noreg har nå ei av dei høgste utdanna folk i verda, og vi har gode vilkår for å by studentane ei utdanning i verdsklasse.

Studentane kan nå velje heilskaplege program der samanheng, progresjon og djupn er viktig. Alle studentar har rett til å ta delar av graden i eit anna land. Det er ein sterk auke i talet på studentar som drar til utlandet for å studere, og på talet på utanlandske studentar som studerer i Noreg. Å vere i eit anna land gir eit unikt høve til å skifte perspektiv. Er ein utlending, får ein sjå seg sjølve, landet sitt og verdiane sine utanfrå – med det framande blikket. Og nett dette: Å sjå med det framande blikket, opnar for kunnskap og røyndom som det ikkje er så enkelt å leggje inn i eit pensum. Dette kan kallast danningsreiser, og det er eit særs viktig bidrag til å gjere heile verda til ein stad med demokratisk danning.

*Unge i verda.*

Ein moderne diskusjon om danning må difor sjå vidare enn dei klassiske ideala. Den må røyne dei heilt spesielle utfordringane vi møter som menneske og som fellesskap i eit moderne kunnskapssamfunn, anten danninga skjer ved kunnskap eller dugleik. Kulturelt mangfald, fellesskap og sosialt samvirke vert sentrale verdiar. Då kan vi føre vidare debatten om danning, eller om nyttig danning.

## Demokratisk danning

Grunnloven av 1814 la grunnlaget i Noreg for eit demokratisk land som vi kjenner det i dag. Utviklinga av demokratiet har gått hand i hand med utviklinga av kunnskap og utdanning, og høve for den einskilde til

å skaffe seg utdanning. Grunnskule for alle og vidaregåande skule for alle er heilt sentrale reformer. Skulen skulle vere nær, den skulle være god, og det var heile tida naudsynt å utdanne fleire og stadig betre lærarar. Desse måla har det heile tida vore brei politisk semje om i Noreg.

Kunnskap er makt, og sanning og opplysing er dei sterkaste fridomsmakter, seier Arne Garborg i stykket «Kvinne-studentar» frå 1882. Det blei skrivi då Universitetet i Oslo fekk den fyrste kvinnelege studenten, Cecilie Thoresen. Diktatorar nyttar dette også i dag: Til dømes hindrar Taliban i Afghanistan jenter å skaffe seg utdanning. Dei fryktar frigjeringa og motmakta.

Heilt sidan Noreg kjempa fram sitt fyrste universitet i 1811, har demokratiseringa av kunnskap og utdanning vore på dagsorden. Mange hevdar at danskane ynskte å halde nordmennene nede – difor ville dei ikkje gi Noreg sitt eige universitet. Men dei demokratiske kreftene vart for sterke, og grunnlova av 1814 blei ei ekstra forankring av demokratiet i Noreg.

God tilgang til utdanning er både viktig for den einskilde og for samfunnet. Ein får betre høve til gode jobbar, ein får jobbar som gir utfordringar i kvardagen, jobbar der ein kan nytte eigne evner og utvikle seg.

For samfunnet er det eit mål i seg sjølv å ha flest mogleg innbyggjarar med god og rett utdanning. Det gjer eit solid grunnlag for verdiskaping. God utdanning skaper gagns menneske, eit godt omgrep for danna menneske.

Demokratisk danning er nøkkelen til eit samfunn med meir samhald og betre forståing. Kort sagt: Ei verd verdt å leve i.

# Regionane i nasjonsbygginga

*Av Erik Fossåskaret*

**Det høver godt at jubileumsåra 2013 – 2014 flyt saman. Demokrati og sjølvstende er sider av same storleiken. Folkestyre føreset sjølvstende. Det er berre demokratiske ordningar som kan gi eit fritt land eit fritt folk. På 1800-talet rekna ein at ei fri statseining var ein føresetnad for ein heilskapleg nasjon; eit medvite fellesskap mellom grensesetjande nasjonale identitetsmarkørar. I denne artikkelen skal vi drøfte det regionale i det nasjonale.**

Nasjonsbygging føresette vilje og evne til å redusere regionen og staden sin posisjon som identitetsberande einingar. No var det nasjonen og den nye staten, ikkje bygda og bydelen, ein skulle sverje truskap til. Nasjonens legitimitet viste like fullt til røter i det regionale og lokale. Kvart folk med krav på sjølvstyre hadde bruk for å vise til særkjenne i lynne og landskap. Ikonisert natur og kultur var som scenografiske rammer for eit folk som kunne gjere krav på å få rå seg sjølv som eit natur- og sogegitt fellesskap. Nasjonsbygging var såleis å bere fram eit utval lokale og regionale rekvisita som hadde potensiale i seg til å verke som nasjonale identitetsmarkørar og såleis ha makt i seg til å konstituere det nye over-regionale fellesskapet.

Den som jamt vandrar mellom Rogaland og Hordaland, vil sanse korleis Ryfylke og Hardanger presenterer seg med svært ulike posisjonar i den nasjons- og statsbyggande soga på 1800-talet. Så mykje av det har-




*Den som jamt vandrar mellom Rogaland og Hordaland vil sanse korleis Ryfylke og Hardanger presenterer seg.*

dangerske, spelet og springaren, bonden, bunaden og blomen, vart henta ut av sin regionale samanheng, ført fram til kulturhegemoniske maktposisjonar i hovudstaden, og lada opp med nasjonsskapande symbolsk kraft. Så får hardingen lefser og sider heim att ikledd Oslomytane om det hardangerske som samlande nasjonale identitetsmarkørar.

Ryfylke og Hardanger grensar til kvarandre. Begge områda byr seg fram som fjord, foss, fjell og frukt. I lynne er likevel Eidfjord og Erfjord, Svåsand og Sørbø, Jondal og Judaberg å rekne som to skilde verdslutar - det norrøne mot Jødeland. I Hardanger står ungdomshusa som assosiasjonsgivande minningar om den norrøne tradisjonen - Trudvang, Elvatun, Haugatun, Krossvoll, Jonsvoll, Lidarende, Heimdal og Valhall. I Ryfylke ferdast me i korte avstandar mellom Bethel, Zoar, Saron, Nain, Emmaus, Karmel, Betania, Sion og Getsemane.

Hardanger gav materiale til nasjonsbygginga. Og feiringa forma hardingen. Det har vore ei overveldande

*Både Ryfylke og Hardanger byr fram fjord, foss, fjell og frukt. (Foto: Kjell Espedal).*

oppleving at denne regionen i natur og kultur så og seie vart modellen for det nasjonalt norske; sjølve det rettmessige grunnlaget for Noreg som fri og sjølvstendig stat. Tidemann og Gude skapte i stor mon hardingen. Hardanger vart gitt ein identitet utanfrå. Den lener regionen seg til framleis. Hardangerbunaden, sjølve Nasjonaldrakta, fekk kraft så den kan tene som våpen i kampen for regionale interesser – for bru, mot master.

I desse markeringstidene ser vi korleis 1814-, 1905- og 1913-sogene har sett seg på svært ulikt vis i dei to regionane si sjølvforståing. Hardingen har vore i sving i fleire år med å rigge seg til lengst framme på jubileumspodiet. Ryfylkingen er snautt å finna lengst inne på bakscenen. Den særlege plassen Ryfylke kunne meine seg å ha i deler av demokratiseringssoga, synest å gå tapt. I iveren etter å vise seg som bygder med evne til å kasta om på det meste for å vere trendy for ei ny tid, maskerer Ryfylke feiringsverdige element i regional soge.

Allereie tidleg vår 2010 hadde Hardangerrådet i gong eit «Forprosjekt Hardanger 2014». Der møter vi den regionale sjølvforståinga, i Hardangerrådet sine ordelag:

*Hardanger var på 1800 talet det viktigaste ikonet i samband med nasjonsbygginga og har framleis dei kvalitetane det då vart lagt vekt på. Kunstnarar vart engasjerte som nasjonsbyggjarar og til å finna det norske. I Hardanger fann dei særpreg i naturen og bondekulturen som kunne gje nasjonen karakter gjennom kunst, og regionen vart opphøg... Hardanger har vore kjend som ein av dei vakraste og mest rotekte delane av landet.*[1]

Det er meir mentalitetsskilnader enn forskjell i

1 http://www.hardangerraadet.no/default.asp?sistenytt=387. Lese 5. september 2013.

natur som kan forklare at Hardanger og Ryfylke fekk så forskjellig funksjon i nasjonsbygginga. Bygd for bygd sopte vekkingsbylgjene bort alle dei element som kunne gitt Rogaland heimelsrett til nasjonale identitetsmarkørar. Her vart det eit vedkjenningsspørsmål å halde seg borte frå slåttespelet og spelstykket, springaren, sjuturen og sideren. «Bedehuset har stilt seg avvisande til den norske kulturtradisjonen,» skriv Tone Alise Årtun i Årboka 2011 for Ryfylkemuseet. Bedehuset, basarane, ettermøta, vekkingsvekene, offervekene og dei mange stemnedagane vart aldri tildelt nasjonsbyggande kraft og funksjon.

Gjennom nær bokstavlege tala eit skippertak vart Stavanger skapt som byeining i all hast over eit par generasjonar på 1800-talet. I 1815 hadde Bergen seks gonger så mange innbyggjarar som Stavanger. Bergen var på denne tida allereie ein fungerande by med eit etablert borgarskap, monumental byarkitektur, og for byar på Bergens storleik, tunge kulturinstitusjonar. Det gjekk rundt 40 år frå byens Filharmoniske Selskap vart skipa til det for første gong spelte ein av Beethovens symfoniar; ikkje fordi bergensarane hadde noko imot komponistens musikk. Men orkesteret var etablert fem år før Beethoven var fødd. Ved Ole Bulls Det Norske Theater fekk Bergen eit produksjonsteater frå 1850. Den Nationale Scene, frå 1876, hadde både Ibsen og Bjørnson som medarbeidarar. Bergens Kunstmuseum vart grunnlagt i 1825. Då J.C. Dahl i 1836 etablerte Bergen Kunstforening, hadde han «til øyemed å grunne et nasjonalgalleri eller et galleri for Bergen».

Bergens torg og teater hentar gjerne inn det nasjonalromantiske Hardanger til sine folkloreevents. Men byborgaren sette seg ikkje til med treskjering og rosemåling. Bergensarane kan ikkje byttomfotsteg og færøytak. Straks nasjonsbygginga nådde 1905, søkte dei bergenske byborgaren urbane europeiske kultur-

*Bunadene har vore viktige i den folkelege kulturen i Ryfylke og Hardanger (Foto: Kjell Espedal).*

straumar. Ingen andre stader har byborgarane så lange 17. mai-sløyfer som i Bergen. Bergen gav på ein særleg måte nasjonsbygginga den bysoga, med makt- og kulturinstitusjonar som nasjonar med krav på statleg sjølvstende, må kunne vise til.

I gagnet er Stavanger som by å rekna på alder med Grunnlova. Frå silda kom februardagen 1808 opplevde byen ei hendesløysa av ei utvikling. Ved bokstavleg og biletleg tala eit skippertak vart Stavanger spikra saman som byeining i all hast over eit par generasjonar på 1800-talet. Frå 1815 til 1875 vart folketalet seksdobla.

Byforminga fann stad i eit forsvarslaust ope kulturelt landskap. Jærbuar og ryfylkingar invaderte Stavanger med det dei kjende av levesett og førestillingar om korleis verda er, og korleis ho skulle vera. Endå til sine eigne hus hadde somme med på flyttelasset. Det heile vart lempa inn i denne smeltedigelen av kvardagslege gjeremål, klondykestemning og armod, spetakkel og syndenaud, bønerop og framtidstru. Ei byvandring i

*Ryfylke var prega av ein bedehuskultur. Her er bedehuset Bethel på Judaberg på Finnøy.*

Stavanger kan framleis gi kjensla av å vere i ein vennskapsby med heile Israel. På nokre få stunder passerer vi her, som i resten av Rogaland, Bethel, Betania, Betesda, Betlehem, Emmaus, Kapernaum og Zion. Til seint på 1900-talet kunne ein vandre mellom kringliggande regionar og Stavanger utan å forsere krevjande kulturgrenser. Vi kan snautt for nokon periode snakke om eit byborgarskaps kulturelle hegemoni i Stavanger.

Samfunnsforskaren Stein Rokkan gir meining til nemninga MOT-kultur ved å vise til alliansen av Periferi, Pietisme og den politiske Venstresida motstraums til samspelet mellom Sentrum, Liberalisme og Høgresida. Langt meir enn det som har vore gyldig for Bergen sin del, vart Stavanger eit kulturelt konsentrat av Periferiens verdikonstruksjonar.

Stavanger er prega av rotgrunn samtid. Byen har i mindre grad enn det som gjeld for Bergen og Trondheim organisk vakse fram or byens fortid. Og andre byar gjer seg i større grad enn det som gjeld for Stavanger, nytte av historisk materiale i si merkevarebygging. Bergen er Håkonshallen, Hansabyen, Bryggen, Trollhaugen og Lysøen. Trondheim vil vera mellomalderbyen, byen for pilegrimsvandringar som ynskjer å plukke marknadsdelar frå Santiago de Compostella.

Rogaland, med Ryfylke og Stavanger, vil så svært mykje «koma på kartet». Det gjeld for merkevarebyggjaren å finne fram til kjerneverdiar som det let seg gjere å kople til region eller sted. Slike kjennemerke kan vere av geografisk, økonomisk, politisk, kulturell eller historisk art (Kåsene 2005:29). Stavanger ser ut til å velje vekk lokal historie som berande element i arbeidet med å bygge og fornye sitt omdøme. Meir enn å smykke seg med å hente fram Nils Kiær sitt bilete av ein mørkkledd flokk gjennom bygatene under svarte paraplyar på veg til bedehuset, byr Stavanger seg fram som ein trendy metropol i byane Europa. Den byen som vil gjere seg lekker for den unge kule kreative klassen, vil heller vise rundt i konserthus og kongresshallar, servere pasta med krema tigersaus og dobbel latte, enn å by gjestene sild og salmesong i Nygatens Forsamlingshus. Den Apostoliske Tros takreklame, «Jesus, verden lys», er freda. Men ingen hastar på for å få orda opp att når neonrøyra er til reparasjon.

2013 er framom alt feiringsår for allmenn røysterett også for kvinner. I denne feiringa kunne Rogaland, særleg Ryfylke, melde seg på til ein plass fest høgt oppe ved jubileumsfesten. Den bedehussoga som i så stor grad kolonialiserte alt bygdeliv og alle personlege lagnader at den i dag vert lagt i togn, gav rom for kvinnerøyster på eit vis som gav røynsler å vise til for dei som skaffa fleirtal for stemmerettsvedtaket i 1913. Inger Hammar meiner at kvinneforskinga er «religionsblind» (Flodell og Hammar 2006). Kyrkjelege institusjonar og organisasjonar har for ein vesentleg del gitt rom for kvinner som dei som skriv kvinnene si soge,

ikkje har sett. På den andre sida kan vi hevde at kyrkja sjølv er «feminismeblind» ved ikkje å sjå si eiga kraft til kvinnefrigjering.

Dette utkastet ble i 1863 til det tre-bindverk som kaltes «Læsebog for Folkeskolen og Folkehjemmet». Forfatteren var presten og salmedikteren P. A. Jensen. Bøkene skapte uro i mange skolekretser. Stoffutvalget var så revolusjonerende at den norske barneskolen gikk over fra å være en kristendomsskole til å bli en allmenndannende skole. Den formidlet verdslig kunnskap og fiksjonslitteratur. Og ved siden av kristelige tekster fantes noe så «ugudelig» som norske folkeeventyr. Det ble for sterkt for mange. Så som lesebok i folkeskolen fikk den relativt kort levetid. Dog betydde P. A. Jensen noe svært viktig - ettersom han tok et oppgjør med gammelkonservatismen og ryddet veien for

## Nordahl Rolfsen.

Nordahl Rolfsen ble født i Bergen den 12. juni i 1848 -og døde den 18. januar i Oslo i 1928.

Han hadde en solid slektsbakgrunn med en farfar som var Eidsvollsmann. En annen av hans aner var prest, biskop og salmedikter Johan Nordahl Brun.

Nordahl Rolfsen bestod examen artium ved Bergen Katedralskole i 1866 og den såkalte «andre examen» ved kongelige Fredriks Universitet i Christiania. Her stopper hans teoretiske løpebane. Dog som student foretok han mange studiereiser i Europa. Tidlig følte han seg nær knyttet til Danmark som sitt åndelige hjem. Fra 1890 av var han fast bosatt i Christiania. Det er sagt om han at han hadde ett hjerte i kunnskaps-litteraturen og ett i diktingen. Nyttårsaften i 1889 sendte han en søknad til Stortinget om å lage et nytt lesebokverk for folkeskolen i fem bind, et verk som skulle erstatte P. A. Jensens «Læsebog for Folkeskolen og Folkehjemmet». For dette arbeidet ønsket han lønn i tre år.

Stortinget avslo søknaden sannsynligvis fordi Kirkedepartementet følte seg tilfreds med P. A. Jensens lesebokmonopol. Forlagsbokhandler Jacob Dybwad ble gjort kjent med Stortingets avslag og tilbød Nordahl Rolfsen de betingelsene han hadde søkt om. Mellom 1892 og 1895 så «Læsebog for Folkeskolen» dagens lys. Og resten av sitt liv virket Nordahl Rolfsen som forfatter og redaktør. Da han døde i 1928, var han godt i gang med en roman og en ny revisjon av lesebokverket.

Det er blitt sagt om Nordahl Rolfsen at hans begavelse først og fremst ligger i en balansegang mellom «fortrolighet og formaning, fjas og alvor, kameratskap og myndighet, usant og sant». Stort sett alltid nytter han dennes begavelsen i en fortellende tone.

I 1885 vedtok Stortinget at riksmål og landsmål (i dag bokmål og nynorsk) skulle sidestilles. Dette vedtaket forholdt Nordahl Rolfsen seg lojalt til. Alle bind i leseverket hans har en veksling mellom litteratur i begge målformene.

Ved rettskrivningsendringene i 1901, 1907, 1917 og 1938 spilte lesebøkene en hovedrolle. Både språkpo-

litisk og kulturpolitisk har Rolfsen fått en viktig plass som kulturbygger og nasjonsbygger. Ved siden av lærebøkene skapte han en litterær suksess med «Svein Uredd» - et drama som Ole Olsen satte musikk til. I ettertid kan en nesten si at dette samarbeidet førte til historiens første norske musikal.

Ellers kan nevnes det selvbiografiske verket «Morfar forteller», og en verdenshistorie som han var redaktør for.Verdenshistorien var godt kjent også utenfor landets grenser.

Kommer vi inn på æresbevisninger i forbindelse med Nordahl Rolfsen, blir det nokså tynt. Riktignok ble han i 1912 utnevnt til «Ridder av 1. klasse av St. Olavs orden», og både Oslo og Bergen har funnet plass til noen beskjedne gater som bærer hans navn. Ellers kan nevnes at i 2001 ble det avduket en Rolfsen-skulptur ved inngangen til det offentlige biblioteket i Bergen.

Alf Rolfsen (sønn av Nordahl) og Henrik Sørensen har dekorert alle de fire veggene i hallen i Oslo Rådhus med motiver fra Nordahl Rolfsens bøker.

Viss vi en stakket stund går tilbake til fembindsverket for folkeskolen, er det naturlig å stoppe opp med noe av det som er særmerkt. Aller først merker vi oss stilformen som umiddelbart skaper et engasjement. Dette knyttet til alle de flotte illustrasjonene, er opplagt med på å aktivisere barns fantasi og følelse. Her er det et samarbeid mellom Rolfsen og kjente norske kunstnere. Jeg har allerede nevnt to. Ellers kan jeg i fleng nevne Christian Krohg, Axel Revold, Teodor Kittelsen og Erik Werenskjold.

I 1993 redigerte Christian Nordahl Rolfsen og Sverre Mørkhagen og gav ut «Århundrets lesebok» basert på et skjønnsomt utvalg av det beste fra fembindsverket.

Ved siden av en rik variasjon av Nordahl Rolfsens egen produksjon (f.eks. «Kveldssang for Blakken» eller «Fusker du?») velger utgiverne et representativt utvalg av norsk litteratur gjennom mer enn 1000 år - fra Heimskringla via norsk folkedikting og fram til litteratur fra Nordahl Rolfsens egen tid.




*Nordahl Rolfsens lesebok fra 1940.*

Personlig må jeg innrømme at fantasi og følelser tar meg når jeg leser «Berre ein hund» av Per Sivle,» Faderen» av Bjørnson, «Bøn» av Arne Garborg eller «Itte no knussel» av Barbra Ring.

I det Nordahl Rolfsen overtar stafettpinnen fra P. A. Jensen, gir han samtidig sin forgjenger et håndslag med Jensens egen salme, «Alt er skapt av dig o Gud».

Det synes for meg som om Nordahl Rolfsen – bevisst eller ubevisst – i sitt utvalg av litteratur har villet være nasjonsbygger og demokratiforkjemper. Ganske klart kommer dette fram både i hans egen dikting – og i det utvalget han har forsynt seg med fra andre forfattere. Henrik Wergeland og Bjørnstjerne Bjørnson har fått en spesiell plass både i poesi og prosa med stoff som støtter opp om den nyvunne grunnloven.

Elementer som fred og frihet er selvskrevne, og unionsoppløsningen gir muligheter til bevisstgjørelse av at Norge er et selvstendig rike.

De mange skolelovene som så dagens lys på 1800-tallet, la forholdene til rette for både fattig og rik – enten en bodde på landet eller i de hurtig voksende byene.

Wergeland sier det slik: «Vi skal være norske i Malm og Klang og Preg og Pryd – Dog under Borgerkransen skuende frit ud i Verden».

Overraskende er det heller ikke at utenlandske forfattere også har fått plass i Rolfsens leseverk. Blant mange nevner jeg Turgenjev, Tolstoi, Topelius og Lagerløf.

Det fører for langt å gå inn på hver enkelt forfatter. Det overlater jeg til den som måtte føle trang.

Alt har sin tid - så også Nordahl Rolfsens lesebøker for barn. Gjennom mer enn tre generasjoner har hans verk tilfredsstilt barns fantasiverden og kunnskapstørst. Det var modent for erstatning. Det fikk det da Torbjørn Egner med sitt leseverk tok over og førte lesegleden videre.

# Då Norge var Finland

*Nasjonsbygging, skule, språk og lærarrolle i Venstre-staten (1884-1940)*

***Av Tom Hetland***

Dei siste åra har skulefolk, politikarar, forskarar og journalistar i flokk og følgje valfarta til Finland. Når landet med dei tusen sjøane år etter år toppar PISA-listene over dei beste skuleprestasjonane, er det ikkje til å undrast over at ein i andre land spør seg om kva finnane gjer rett.

Det gjestene finn, er ikkje flottare skulebygg fulle av moderne tekniske hjelpemiddel. Dei finn heller ikkje mange nasjonale prøver eller andre omfattande test-regime. Bruken av karakterar er omtrent som i andre nordiske land.

Konklusjonen til delegasjonane er ganske eintydig: Den viktigaste forskjellen er læraren. Ikkje fordi finske lærarar har spesielt god lønn, men fordi dei har høg status. Lærarane i den finske skulen får fridom og tillit. Dei kan i stor grad leggja opp undervisninga som dei vil. Og samfunnet, frå regjering til foreldre, sender tydelege signal til finske elevar om at skule og kunnskap er viktig.

Derfor er læraryrket respektert og populært. Det er dei beste som blir lærarar i Finland.

## Parallell historie

Norge og Finland er ulike, ikkje minst språkleg. Men historia til våre to land dei siste 200 åra har sterke parallellar.

*De tusen sjøers land.*

Finland gjekk ut av unionen med Sverige i 1809, Norge løyste banda til Danmark i 1814. Rett nok kom begge landa inn i nye unionar, Finland med Russland og Norge med Sverige. Men desse politiske konstruksjonane var lausare og stod ikkje i vegen for at både Finland og Norge utvikla demokratiske politiske institusjonar og sterkare nasjonale identitetar. Den aktive og målretta nasjonsbygginga førte i sin tur fram til fullt sjølvstende, for Norge i 1905, for Finland i 1918.

Sentralt i det finske nasjonsbyggingsprosjektet stod filosofen og språkmannen Johan Vilhelm Snellman (1806-1881). For han var folkeskulen den viktigaste reiskapen for å gjera landet politisk og kulturelt fritt

og uavhengig. Snellman hadde også eit språkpolitisk program: Finsk, som var morsmålet for 85 prosent av folket, skulle erstatta svensk som dominerande administrasjonsspråk og som fremste uttrykk for finsk kulturell identitet.

Snellman, som ei tid var finansminister i Finland, la også stor vekt på skule og utdanning som drivkraft for økonomisk vekst og utvikling. Eit lite land har ikkje anna enn dei menneskelege ressursane å stola på, understreka han, derfor er det menneska som nasjonen må investera i.

## Skulen som folkedanning

Det er sterke likskapstrekk mellom Snellmans program og tenkinga innanfor det Venstre-leidde norske nasjonaldemokratiske prosjektet i siste halvdel av 1800-talet.

Også i Norge skjedde det ei sterk oppvurdering av skulen. Noko av det første statsminister Johan Sverdrup gjorde etter at parlamentarismen var innført og Venstre-regjeringa hadde teke over makta i 1884, var å setja i gang arbeid med ei radikal skulereform. Den munna ut i folkeskulelovene i 1889. Prinsippet om einskapsskulen - for by og land, rik og fattig - vart knesett: «Den samme Grad af Oplysning og Almendannelse for alle Borgere er det kraftigste Sambaand mellem et Lands Befolkning», heitte det i innstillinga frå reformkommisjonen, som hadde rektor ved Stavanger katedralskole, seinare statsminister Johannes Steen som leiar.[1]

*Finland er på topp i PISA-undersøkingar når det gjeld skuleprestasjonar.*

Skulen skulle stå sentralt i eit stortenkt demokratisk folkeopplysnings- og danningsarbeid. «Norig, ein folkedaningsheim» har Rune Slagstad sett som overskrift på kapitlet om Venstre-staten i verket «De nasjonale strateger».[2] Sitatet var henta frå skuleideologen Erling Kristvik frå Volda, som skreiv fleire bøker som vart pensum i lærarutdanninga.

I Norge som i Finland var læraren krumtapp i det store prosjektet. «Det hjelper korkje med timeplanar eller instruksar eller nokon ting, det som gjer skulen til det han er, det er læraren», sa Arne Garborg, som aldri var politikar, men som absolutt må reknast blant dei Venstre-intellektuelle i siste del av 1800-talet.

Læraren skulle vera noko meir enn ein yrkesutøvar. Rolla hans gjekk vidare enn skulestova. I ein nasjon som ennå var eit bondefolk skulle han, med historikaren Reidun Høydals ord, vera «periferiens nasjonsbyggjar», bygdas fremste mann, ein frontsoldat for å byggja «den demokratiske folkelighet som er Nordens gave til den moderne verden», som Slagstad uttrykkjer det.[3] Men lærarane kom etter kvart til å bli synlege også på den nasjonale politiske arenaen. I spissen gjekk Jørgen Løvland, seminarist frå Holt i Aust-Agder saman med Garborg, seinare både utanriksminister, statsminister og kyrkje- og undervisningsminister i Venstre-regjeringar. Og innimellom: Leiar i Noregs Mållag.

## Læraren i språkkampen

For som hos vår finske granne i aust gjekk skulen og læraren også inn i eit språkpolitisk program. Det nye Norge skulle ha sitt eige språk til avløysing frå unions-

*Språkstrid i landet. Presten messa på dansk medan læraren las på nynorsk.*

*«Det hjelper korkje timeplanar eller instruksar eller nokon ting. Det som gjer skulen til det han er, er lærararen.» Sitat frå boka «Læraren». Her står Arne Garborg utanfor heimen Labråten i Asker.*

dansken. Den draumen hadde vore levande heilt sidan 1820-åra. Men forholda i Norge var meir kompliserte enn i Finland, der skiljelina gjekk mellom to vidt forskjellige og gjensidig uforståelege språk, svensk og finsk. I Norge vart det strid både mellom forkjemparar og motstandarar av eit eige norsk nasjonalspråk, og etter kvart mellom ulike strategiar for å oppnå det: Ivar Aasens landsmål basert på norske dialektar og Knud Knudsens fornorsking av dansken.

I 1885 vedtok Stortinget å jamstella landsmålet med «det almindelige Bogsprog». Tospråksituasjonen var eit faktum. Kva mål elevane skulle få opplæring i, skulle avgjerast lokalt. Det var duka for hundretals språkkampar rundt om i landet dei neste åra, med skulen i sentrum for striden.

I denne situasjonen får lærarane ei nøkkelrolle, som dei ikkje nøler med å gripa. I dei områda der nynorsken etter kvart skulle få fotfeste, oppstod det ein symbiose mellom lærar og lokalsamfunn som gjerne hadde språkspørsmålet som utgangspunkt, men som ofte kunne gå vidare enn det. Historikaren Kjell Haugland har komprimert det på denne måten: «Unge seminaristar søkjer kulturell identitet og sosial posisjon – bygder i hamskifte søkjer leiarar og strategiar».[4]

Lærarseminara var den viktigaste vegen frå garden til boka for bygdeungdom på 1800-talet. Men kulturelt medvitne bondestudentar opplevde ofte møtet med dansk-norsk språk og danningstradisjon som ein identitetskonflikt. Fram til Stortinget i 1878 vedtok at «den ukunstlede Dagligtale» skulle brukast i skulestova, var det forventa at lærarane skulle snakka «klokkardansk» og læra elevane det same.

## Personleg frigjering

Då Ivar Aasens landsmål vart eit alternativ, kjendest det som ei sterk frigjering. «Desse unge lærarane kastar seg inn i nasjonsbyggingsprosessen med eit bilde og ein definisjon av det norske som sparer dei personleg for eit kulturelt identitetsskifte og som i tillegg kan gje dei posisjon i bygdene der dei skal arbeide», skriv Kjell Haugland.[5]

Det er såleis neppe tilfeldig at lærarane frå første stund stod fremst i rekkja i oppbygginga av ei organisert målrørsle. Nokre av dei første mållaga vart organi-

serte av elevar ved lærarseminara, som Asker i 1872, Stord i 1877 og Kristiansand 1878. Alt i 1897 kunne elevmållaget på Stord oppsummera at 620 komande lærarar hadde vore med i laget dei 20 åra det hadde eksistert. Då Noregs Mållag vart skipa i 1906, var 54 prosent av møtedeltakarane skulefolk.[6]

Det var ikkje berre i folkeskulen at nynorsklærarane gjorde sitt inntog. I 1915 melde nynorskavisa «Den 17de Mai» at 23 av dei 25 styrarane ved folkehøgskulane den gongen var ivrige målfolk med viktige tillitsverv i mållag og ungdomslag.[7]

## Ein ny elite

Fleire av folkehøgskulane var etablerte med sterk støtte frå målfolket. Frå folkehøgskulane gjekk dei vidare til ei ny oppgåve: Landsgymnasa. Rogaland landsgymnas på Bryne vart såleis oppretta etter initiativ frå Rogaland Mållag. Ikkje alle dei 12 landsgymnasa var «målreir», men fleire av dei fekk preg av eliteskular for evnerik bygdeungdom som seinare skulle gjera seg gjeldande på viktige postar i samfunnet. Spådommane om at landsgymnasa skulle føra til nivåsenking, vart gjort ettertrykkeleg til skamme.[8]

Å skapa ein ny elite med utgangspunkt i folket var del av planen til Venstre-strategane. Ikkje alle gjekk så langt som Arne Garborg, som hevda at Norge eigentleg var to nasjonar, og at landet var «heimlaust» utan ein ny, heilnorsk danningselite. Derfor hadde bondestudentane ei viktig nasjonal oppgåve: «Det me Studentar skal vera, det er daa Menner av Folke som er ute og lærer, og som sidan fer heim att og er Folke til Hjelp med det me hev lært. Når me fær eit Embættsstand som fullt ut skynar dette, vil Folke vera på Framveg att».[9]

Ikkje alle reiste heim. Skulen var ikkje berre ein veg opp og fram – det kunne også vera ein veg ut.

Men mange vende tilbake, om ikkje til eiga bygd, så til andre lokalsamfunn der dei skulle setja dei nye ideane om norskdom og demokrati ut i livet.

Me veit mindre om korleis «folket» for eksempel elevar og foreldre – opplevde dette skiftet. Det kan vera at prest Johs. Barstad frå Volda var i overkant skjønnmålande: «Naar barnet kjem til skulen og fær bøkerne i hender, møter det den same ljoden av morsmaalet sitt, som det hev høyrt i heimen, berre i ei meir kultivera form. (…) Barnet kjenner seg på heimleg grunn. Lærdomen vert ikkje framand, men noko verkelegt som renn saman med heile den aandelege vokstren og soleis vert barnet sin eigedom».[10]

Likevel er det neppe tvil om at den nye skule- og språkpolitikken skapte ei ny og annleis ånd rundt omkring i Bygde-Norge. Like viktig som språkskiftet i seg sjølv var truleg respekten for heimleg dialekt og kultur som elevane nå vart møtt med. Det vart eksperimentert med leseopplæring på dialekt, og lokalhistorie, lokal kultur og heimstadlære vart nye innslag i skulen. Tida fram til krigen vart då også ein samanhengande framgangsperiode for nynorsken, med skulen som spydspiss.

## Vestlandslæraren

Ingen stad var det gjensidig fruktbare samlivet mellom skulen og målsaka tydelegare enn på Vestlandet. Sjølv om nynorsken til å begynna med var mindre av eit vestlandsmål enn i dag, han vart såleis tidleg innført i delar av Trøndelag og Sørlandet, var det likevel Vestlandet som var kjerneområdet.

Og det var vestlendingane som sterkast let seg inspirera av den nye språk- og folkeopplysningsideologien. «Vestlandslæraren» vart eit omgrep: Venstre-mann, målmann og av og til fråhaldsmann og bedehusmann. Ingen personifiserte motkulturane sterkare.

Og vestlandslærarane var mange. Eg har ikkje funne eksakte tal, men Reidun Høydal viser til fleire biografi-

samlingar der over 50 prosent av dei omtala personane kjem frå Vestlandet.[11] Kor representativt utvalet er, veit eg ikkje. Men at vestlendingane var overrepresenterte i Norges lærarstand, kan det ikkje herska tvil om.

Sjølv om dette kan vera vanskeleg å dokumentera, er det også ein rimeleg hypotese at haldninga til skulen under eitt var meir positiv i vestlandsbygdene enn mange andre stader i landet. Det finst i alle fall nok av anekdotisk materiale som stadfester det.

Kanskje er det denne arven som slår ut når det sterkaste nynorskfylket, Sogn og Fjordane, er det einaste som kan måla seg med akademikarspekka Oslo og Akershus på dagens statistikkar over skuleresultat?

*Fleirkulturelt samfunn.*

## Finland og Norge skil lag

Både i Finland og Norge tok altså folkeskulen til som noko som var større enn han sjølv, som del av eit identitetsskapande prosjekt med læraren som fremste utøvar. Men dersom det nå er slik at finnane har teke betre vare på denne skuleideologien enn tilfellet er hos oss, når var det at me skilde lag, og kvifor?

Ein avgjerande skilnad var at prosjektet vart samlande i Finland, splittande i Norge. At skulen skal vera den fremste reiskapen for å fremja finsk språk, kultur og økonomi, er det i dag liten diskusjon om. Og finsk er for lengst blitt det dominerande språket, også i eliten, medan svensk er eit marginalisert minoritetsspråk.

I Norge nådde nynorsken aldri det dristige, men urealistiske målet om å bli «einaste riksmål i landet». I skulen var det aldri meir enn ein tredel som hadde nynorsk hovudmål, og då urbaniseringa og industrialiseringa skaut fart etter krigen, sette tilbakegangen inn. Den nasjonale argumentasjonen som nynorskfolket så ofte hadde brukt, var også svekka. Etter år med fellesskap i krig og gjenreising kunne målrørsla ikkje lenger hevda at dei stod for den einaste sanne norskdom.

Mange av vestlandslærarane som let seg eksportera til andre delar av landet, opplevde at folk der ofte var mindre mottakelege for kulturen og verdiane dei forsøkte å formidla. I meir urbane delar av landet kunne vestlandslæraren bli både parodi og hatobjekt. Kåre Willoch var i ettertid lite stolt over måten Ullern-gymnasiastane hadde møtt lektor Jakob Sande på. På Oslo Vest var den folkekjære sunnfjorddiktaren ikkje blant sine eigne.

Nye pedagogiske og politiske retningar skulle også svekka den idealistiske og danningsorienterte «Venstre-læraren» som rollemodell. Sosialdemokratiet førte inn eit sterkare teknokratisk element i skulepolitikken, sekstiåttargenerasjonen svekka lærarautoriteten med sin elevsentrerte pedagogikk, og høgresida introduserte New Public Management med målingar, konkurranse og rapportering.

Fagforeiningskampen, som elles kan ha vore nødvendig nok i ei tid der lærarane sakka økonomisk akterut, medverka samtidig til å gjera læraren til «ein lønnstakar som alle andre». Då lærarane ikkje lenger ville gå i 17. mai-toget saman med elevane sine, var det

eit viktig symbol som fall, og kanskje tapte lærarane med dette langt meir enn overtidskronene.

Det ressursrike og oljesmurte velstands-Norge har nok også i mindre grad enn Finland greidd å overtyda elevar og foreldre om at skulen faktisk er viktig. Det finst alltid pengar nok, som kjent, i verdas rikaste land.

## Kvar er verdiane?

Folkedanningsprosjektet knytt til nynorsken, som spela ei så vitaliserande rolle i tiåra før og etter 1900, kunne aldri bli nasjonalt fellesgods. I møtet med ei ny tid kom det til kort.

Likevel kan ein fundera over om det i større grad hadde vore mogleg å allmenngjera verdiar frå dette prosjektet og ta dei med seg inn i den moderne skulen, slik finnane har greidd. Politiske slagord om oppvurdering av kunnskap og lærar blir i praksis ofte omgjort til ein krangel om det som kan målast; kven som kastar mest pengar etter skulen, kven som byggjer dei finaste nybygga eller investerer mest i pc-ar - eller at ein går laus på nye organisatoriske reformer og planprosessar for å visa handlekraft. Blant lærarane ser det ut til at dette helst har skapt meir frustrasjon enn kjensle av respekt.

Det norske samfunnet blir stadig meir fragmentert og fleirkulturelt. Men eit samfunn treng noko som bind det saman. Behovet for skulen som ein nasjonal felles kunnskapsformidlar og danningsarena er ikkje mindre i dag enn då Venstre-politikarane formulerte grunnlaget for folkeskulen for over hundre år sidan, sjølv om Norge er blitt eit anna land på så mange måtar.

Og om lærarane verkeleg *er* viktigast, kan det henda at me først og fremst skal prøva å gi nytt liv til dei *verdiane* som i si tid gjorde læraryrket så respektert og ettertrakta i vårt land - og som framleis gjer det i land som ikkje står oss så veldig fjernt.

## Notar:

1) Rune Slagstad: «De nasjonale strateger» (Pax 1998), s. 96.
2) Slagstad, op.cit. s. 93.
3) Slagstad, op.cit. s. 93.
4) Reidun Høydal (red.): «Nasjon-region-profesjon. Vestlandslæraren 1840-1940», KULTs skriftserie nr. 45, 1995, s. 91.
5) Høydal, op. cit.s. 97.
6) Oddmund Løkensgard Hoel: «Mål og modernisering 1868-1940» (Samlaget 2011), s. 51.
7) Olaf Almenningen: «Målstrev og målvokster 1905-1913» (Samlaget 1984), s. 218.
8) Ei samla framstilling av historia til landsgymnasa finst i Gudleiv Forr og Helge Vold (red.): «Landsgymnaset» (Samlaget 2007).
9) «Landsgymnaset», s. 26.
10) Almenningen, op.cit., s. 211.
11) Høydal, op. cit., s. 157-158.

# Læraren – «abc-indbanker eller folkelærer i og for livet»?

***Av Svein Helgesen***

*– Mer enn noe annet roper dagens situasjon på lærere som kan oppdra til samfunnsånd, og som kan gi identitet til skolen som kunnskapsformidlende, moraldannende og demokratiserende institusjon. Det dreier seg om skolens plass i demokratiets sentrum: skolen som forvalter av den kommunikative makt. Det er dette demokratisk-kommunikative motiv som sto i sentrum for husmannssønnen Ole Vig for 150 år siden. Det bør fortsatt gjøre det. Det er dette som er «Folkedannelsens hellige Kald». Det bør det fortsatt være. - (Slagstad 2005, s. 382, fra foredrag 12.11.1999).*

## 17. mai-glimt frå 1950-talet

I min barndom stod skulen i «demokratiets sentrum». Aldri var lærarane så synlege som på 17. mai. Nasjonaldagen var ein festdag med stor F, ramma inn av *flagg* og *faner*. I notatbøkene hadde vi med sirlig skrift notert nøkkelord med røter tilbake både til mirakelåret 1814 og det lokale folkestyreåret 1837: *fridom, folkestyre* og *formannskap*. Det næraste forholdet hadde vi nok likevel til *frigjeringa* og *freden* etter krigen som låg berre ti år tilbake. Samtidig var ikkje 17.mai berre ein dag for å sjå bakover. Den gav også rom for unge og spirande *framtidsplanar* og *framtidsdraumar.*

*Saudabygda. Sentrum ligger til venstre nede ved fjorden.*

Midt i eit vårleg landskap ramma inn av korpsmusikk og kontrast mellom nasjonalfargar, grøne bjørkelier og snøkledde Saudafjell, stod altså lærarane og lærarinnene. På mi første dannings- og læringsreise var det dei som i kraft av ord og levd liv gav meining til den store nasjonale fortellinga der grunnlova, folkestyret, fridomen og freden var hovudingrediensar.

## «Lærar, så klart!»

Eg var ikkje komen langt opp i småskulen på Fløgstad skule midt på 1950-talet før eg stolt fortalde både dei

vaksne og kameratar kva eg ville bli når eg blei stor. «Lærar, så klart!» Kva elles?

Og lærar blei eg, både for små elevar i 1. klasse og vaksen ungdom i folkehøgskulen. Seinare skulle eg til og med bli lærarutdannar. I ettertid har eg innimellom lurt på kvifor eg stod så standhaftig fast ved yrkesplanen som eg annonserte alt før eg var ti. Det var nemleg flust av dei som opp gjennom åra prøvde å få meg over på andre tankar. Men det var nyttelaust. Terningen var kasta, og eg var urokkeleg. Var eg rett og slett for stolt til å la meg overtala til å vurdera alternative yrkesval? Eller var det kanskje noko meir?

Eg likte meg på skulen og var mellom dei priviligerte som meistra dei faglege utfordringane. Det aleine kan nok likevel ikkje forklara dragninga eg kjende mot å bli lærar. Den stakk nemleg djupt. Eg trur dei personlege møta mine med lokale lærarinner og lærarar blei svært viktige. Dei var ikkje berre velutdanna kvinner og menn som lærte oss å lesa og skriva og rekna. Mange av dei framstod som profilerte kulturberarar, og fleire spela ei aktiv rolle på demokratiske arenaer. Dei var «oppdragere i en samfunnsetisk – demokratisk forstand» (Slagstad 2005, s. 383). Meir enn nokon andre var det dei som for alvor opna dørene ut mot den store og spennande verda langt bakom Ryfylkefjella.

*Lærar så klart !*

## Frøken Johnsen og lærar Aksnes

I småskulen handla det meste om frøken Johnsen, som kom frå Sand. Det er ikkje lese-, skrive- eller reknetimane eg hugsar best frå dei tre første åra. Dei fasinerande Josef-fortellingane i bibelsoga og det lokale fokuset i timane i heimstadlæra framstår som langt meir funklande stjerner. I tillegg teikna ho så levande bilde av forholda i flyktningeleirane i Hong Kong at seks av oss gutane i klassen heldt basar for dei fattige ungane der tre år på rad. Tett oppunder tusen kroner i nødhjelp samla vi inn og sende vidare frå indre Ryfylke til det fjerne austen, via frøken Johnsen. Det var slett ikkje berre lommerusk den gongen.

I storskulen var det maskulin lærardominans. Det stod respekt av lærarar som Håland, Larsson, Aksnes, Tveit og Tveito. To av dei største lokale lærarbautaene, Hans Hylen og Kjell Bondevik, høyrde vi berre gjetord om. Hylen var blitt pensjonist, og Bondevik hadde dratt til Stortinget før eg kom i skulen. Venstrehovding og skuleinspektør Larsson blei både ordførar og fylkesordførar, sjølv om han ikkje høyrde til Arbeidarpartiet. Skulestyrar Håland blei berre varaordførar, og fungerande ordførar ein kortare periode, men han representerte i alle fall det «rette» partiet i det rødfarga industrisamfunnet. Respekten vår for han var uomtvisteleg. Han framstod som streng, men sjeldan trugande. Både Larsson og Håland var sentrale i song- og musikklivet i bygda. I tillegg hadde dei stått i front i motstandskampen under krigen og vore på Grini.

På Grini hadde også klassestyraren min i storskulen vore. Noko av det eg minnest best frå åra under hardin-

gen Knut Aksnes sitt kateter, er korleis han på nytt og på nytt fengsla oss med levande skildringar frå kvardagen i krigsfangeleiren. Etter kvart lærte vi elevane oss listige knep for å få forteljarevna hans på gli. Slik blei 9. april og 8. mai mest årvisst minnerike skuledagar då pensum var pensum og bøkene blei liggjande uopna. Det var nemleg noko som var endå viktigare.

«Tiden fordrer altsaa meed Nødvendighed, at der vides meget»

Dei fleste av lærarane og lærarinnene på Fløgstad skule var utdanna og hadde starta opp sitt pedagogiske virke i Venstrestaten sin glansperiode (1884 - 1940), som professor Rune Slagstad omtalar som «skolefolkets storhetstid». Aldri har lærarstanden stått sterkare i det norske samfunnet enn i « lærernes storhetstid, lokalt som nasjonalt. Lærerstandens fremste symboliserende skikkelse var Jørgen Løvland, Norges første utenriksminister i 1905, statsminister 1907-08, stortingspresident 1913-1915 og kirke- og undervisningsminister 1915 - 20. «Det overordnede for dette skolefolket var det pedagogiske perspektiv på samfunnet, med skolen som nøkkelinstitusjon: Samfunnet som et pedagogisk rom. Temaet var folkestyrets befesting gjennom *folkeuppseding*» (Slagstad 1998, s. 40).

Lærarane sin lange veg mot dei øvste trinna på samfunnsstigen starta eigentleg alt midt på 1800-talet, med eit visst gjennombrot rundt 1870. «Vaar Tid stevner mot det, at Skule-meisteren afløyser Presten, og me ero i Grunnen Skulemeistrar alle saman», skreiv Vinje.

Skolestova og lærarbustaden tok over for kyrkja og prestegarden som kulturell bastion i lokalsamfunnet (Eidsvåg 2005, s. 45).

Ei veksande industrialisering og demokratisering skapte etterspurnad etter meir og ny kunnskap. Den gamle skulen med einsidig vekt på kristendom og lesing heldt ikkje lenger mål. Nye tider ropte etter ein




*Ole Vig*
*1824 - 1857.*

ny skule med breiare fagleg og pedagogisk tilnærming. «Tiden fordrer altsaa med Nødvendighet, at der vides Meget, og Skolen maa altsaa ogsaa lære sine Elever Meget », skreiv skulereformatoren Hartvig Nissen i eit rundskriv frå departementet tidleg på 1850-talet. Men kunnskapen måtte setjast inn i eit større perspektiv: «Det gjælder derfor desto mere om, at det læres paa den rette Maade, saa at det ikke lægges hen som en død og ufrugtbar Skat, men derimod bliver til en levende Kundskab, der slaar varig Rod i Aanden og bærer Frugt for Livet» (Nissen 1852).

## Med fokus på folkeopplysning og folkestyre

Samfunns- og skuleutviklinga midt på 1800-talet reiste det tidlause grunnleggjande spørsmålet om forholdet mellom kunnskap og danning. Kva er mest viktig? Kor skal skulen ha tyngdepunktet sitt? I utgangspunktet stod to pedagogiske grunnmotiv mot kvarandre. Romantikken hadde sitt fokus på *det identitetsdannande perspektivet*: Skulen skal danna nye generasjonar med forank-

ring i den nasjonale kulturarven, historiske tradisjonar og åndelege verdiar. Opplysningstida la derimot mest vekt på *det instrumentelle perspektivet*: Skulen skal gi barn og unge kunnskap som er nyttig og nødvendig for å møta og løysa utfordringane i det nye samfunnet.

Det skulle bli skulereformatoren Ole Vig som bygde bru mellom dei to grunnmotiva og reformulerte skulen sitt nye overordna og demokratiske oppdrag. Han la hovudvekt på at skulen skal øva opp «myndige Mænd» til å delta i «Landets offentlige Anliggender». Parolen var: «*Folkedannelsens hellige Kald*» (Slagstad 2000, s. 378). Folkeopplysning er hjørnestein i eit levande demokrati, og folkestyret kan berre veksa seg sterkt og livskraftig gjennom kunnskap og danning. Dette er skulen og læraren sitt store samfunnsoppdrag.

Ole Vig peika med sitt demokratiske grunnmotiv ut ein ny kurs, som skulle prega den skulehistoriske utviklinga heilt fram til 1940. Vinje si klassiske formulering: «Kunnskap skal styra rike og land» blei til i denne tida. Då Johan Sverdrup overtok den politiske makta i 1884, la han stor vekt på koblinga *folkestyre – folkeopplysning - folkeskule*. Dei nye lovene for Folkeskulen av 1889 kombinerte demokrati- og folkedanningsperspektivet med kunnskap forankra i moderne vitskap og eit einskapsskuleprogram i offentleg regi.

## Lærarane – «den nye tids offentlige entreprenører»

Lærarane tok framover på 1900-talet for alvor steget opp i landets pedagogiske, kulturelle og politiske elitedivisjon. Rune Slagstad omtalar dei som nasjonale strategar, «den nye tids offentlige entreprenører» (Slagstad 2000, s. 130). Mens det i perioden frå 1814 til 1907 berre var ein kyrkje- og undervisningsminister utan teologisk embetsutdanning, skulle det mellom 1907 og 1940 bli flest ministrar med folkeskule og lærarskule. I desse vel tretti åra blei kyrkje- og undervisningsdepartementet styrt av fem teologar, to humanistiske professorar og ti menn med folkeskule og lærarskule. Lararane gjorde seg stadig sterkare gjeldande på mange samfunnsområde, særleg i bygde-Noreg:

Lærerne var foreningslivets pionerer. De ble folkeførere og åndelige veivisere, banksjefer og ordførere, 17. mai-talere og kirkesangere, stortingsmenn og statsråder. De stiftet sangkor, ungdomslag, idrettslag og skytterlag. Skulle et Amerika-brev forfattes eller et dokument skrives, var det læreren som ble tilkalt. I bryllup og begravelser var han en selvskreven gjest. (Eidsvåg 2005, s. 46)

Professor Erling Kristvik var ein av dei ideologiske pionérane i «skolefolkets storhetstid». Han heldt fram at skulen sin mest fundamentale samfunnsfunksjon er å styrkja «samfundsviljen, samfundsdugleiken og samfundssynet» (Slagstad 1998, s. 42). Vi må danna unge menneske som engasjerer seg, «vinn herredøme over vilkåra og realiserar sine beste draumar», skreiv han.

Verda står ikkje still lenger. Farten er tvertom fåretrugande. Vi misser reint pusten stundom. Tinga held på å springa frå oss. Vi treng ein ungdom som ikkje står handfallen og ser på, let alt skura eller på førehand jamrar seg over undergangen. Vi treng ein ungdom som går aktivt inn i hendingane, vinn herredøme over vilkåra og *realiserar sine beste draumar.* I draumen bur framtida (Kristvik 1937, s. 839).

## «Dere lærere har ødelagt for meg»

Den tyske okkupasjonen i 1940 representerte ei gigantisk utfordring for ein samfunnsengasjert norsk lærarstand. Det demokratiske folkeopplysningsoppdraget stod i sterk kontrast til okkupanten sitt mål om at skulen skulle medverka til omforming av Noreg til eit nasjonal-sosialistisk samfunn. Hausten 1941 kom det

rundskriv til «våre folkeoppdragere», lærarane, med krav om lojalitet til naziregimet og plikt til «å gi hver enkelt elev den samme forståelse av tiden vi er oppe i og de krav den stiller til hver enkel av oss» (Eidsvåg 2005, s. 49).

Rundskrivet markerte opptakten til ei historisk lærarmobilisering mot dei nye makthavarane. Lærar- og lærarinneorganisasjonane stod standhaftig skulder ved skulder mot Quisling. Mange verkemiddel blei tekne i bruk. Då regimet skifta ut leiinga i desse organisasjonane med sine eigne folk, svara medlemmene med å melda seg ut. Nærare 1000 lærarar blei arresterte og internerte på Grini og andre stader. For mange bar det vidare til fangenskap i Kirkenes eller konsentrasjonsleir Tyskland.

Professor Inge Bø (2010) har i eit lokalhistorisk skrift om lærar Magnus Takle frå Tasta i Stavanger gitt oss levande tidsbilde frå den historiske lærarkampen:

Etter 13 døgn i fengselet ble lærerflokken – i alt 57 fanger – sendt videre til Grini. Turen ble ytterst ubehagelig – først i godstog til Flekkefjord, Jærbanens endestasjon, siden med buss på smale grusveier til Kristiansand og derfra med Sørlandsbanen til Oslo Vest. Turen tok to døgn. Reisen var likevel ikke uten oppmuntringer. Ryktet om fangetransporten hadde nemlig spredd seg sørover Jæren. På hver stasjon møtte bygdefolket opp i hundretall for å ta avskjed. Til tross for slag og spark av tyske fangevoktere og flere norske politimenn, vinket de og ropte, og så sang de «Vår Gud han er så fast en borg». Den kjente salmen var blitt en nasjonalhymne som fulgte dem fra stasjon til stasjon. I Kristiansand stilte Norsk Røde Kors opp med middagsservering. I Oslo ble de kjørt videre på lastebiler til en usikker framtid på Grini hvor de ankom natten til 1. mai 1942.

Inge Bø poengterer at Magnus Takle stod standhaftig opp for dei ideala og verdiane han trudde på, fremst i flokken av lærarar som forma fronten mot diktaturet:

*Den tyske okkupasjonen i 1940 representerte ei gigantisk utfordring for ein samfunnsengasjert norsk lærarstand.*

Under okkupasjon, arrestasjon og konsentrasjonsopphold var det nettopp hans *standhaftighet* – denne gangen i form av kjærlighet til land, folk, grunnlov og demokrati – som dikterte hans ranke holdning. Magnus Takle valgte å tåle savn av familie, savn av elever og venner; han valgte å utholde fengsel, konsentrasjonsleir, slavearbeid og nedverdigelse framfor å delta i nazifisering av norsk ungdom. Her sto han fremst i flokken av de lærere som formet fronten mot diktaturet.

Læraroppprøret mot naziregimet var ein moralsk og ikkjevaldeleg haldningskamp, ein kamp mellom idealet om eit fritt og folkeleg demokrati og eit autoritært politisk system (Eidsvåg 2005, s. 44). Lærarane stod urokkeleg fast på motstanden mot nazifisering av ein ny generasjon. I ei felleserklæring datert 9. april 1943 uttala dei m.a.: «Jeg vil, som jeg hittil har gjort, la min samvittighet være min rettesnor, og da tror jeg at jeg vil være i pakt med det store flertall av det folk som har gitt meg oppdragergjerningen.»

Inge Eidsvåg omtalar lærarmotstanden som Quislings mareritt. Alt i slutten av mai 1943 uttala han, gråtkvalt og rasande, til ei gruppe lærarar på Stabekk: « Det er dere lærere som er skyld i at vi ikke har fått noe Riksting. Det er deres skyld at Norge i dag ikke er blitt et fritt og selvstendig rike». Ved eit anna høve var han endå meir direkte: «Dere lærere har ødelagt alt for meg». Under ein marsj utanfor Kirkenes opplevde seinare professor Einar Lundeby at ein ung tysk fangevaktar snudde seg spontant mot han og sa: «Hadde tyske lærere gjort som dere, ville Hitler aldri ha kommet til makten».

Den norske lærarkampen blei også lagt merke til langt utover Noregs grenser. President Roosevelt drog dette fram under ein seremoni i Washington hausten 1942: «Dersom det er noen som undres på hvorfor denne krigen blir utkjempet, så se på Norge!.. Og dersom det er noen som betviler demokratiets vilje til å vinne, så sier jeg igjen: Look to Norway!» (Eidsvåg 2005, s. 44).

## «ABC-indbanker eller folke-lærer i og for livet»?

Neste år skal vi feira 200 årsjubileum for mirakelåret 1814. I dette historiske perspektivet er det interessant å spørja: *Kor står norsk skule i dag, ved inngongen til jubileumsåret 2014?*

Skulen har i mesteparten av denne viktige perioden i vår nasjonale historie stått i front i arbeidet med å byggja det norske demokratiske samfunnet stein på stein. Generasjon etter generasjon har lært kunnskap, haldningar og dugleik som er viktig for å bli «gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn». Hovudaktørane har vore vanlege lærarar og lærarinner av kjøt og blod. Mange har vore framifrå kunnskapsformidlarar og kulturberarar, mens andre har hatt sine meir eller mindre synlege manglar og skavankar.

Få har poengtert meir tydeleg enn Arne Garborg at det er læraren som utgjer den store forskjellen i skulen: «Det hjelper korkje timeplanar eller instruksar eller nokon ting; det som gjer skulen til det han er, er læraren». Garborgs lærarideal var ikkje «en abc-indbanker i kakkelovnskrogen», men «en folke-lærer i og for livet» (Slagstad 1998, s. 49). Eg har aldri vore i tvil om at eg i min oppvekst var heldig med lærarinnene og lærarane mine i indre Ryfylke på 1950- og 1960-talet. Dei hadde både evne og rom til å undervisa og leva i tråd med Garborgs lærarideal. Og dei fleste av dei gjorde det i praksis.

Læraren i 2013 har eit heilt anna utgangspunkt. Det gamle industrisamfunnet er avløyst av eit globalt kunnskapssamfunn som eg under mi første danningsreise aldri kunne førestilla meg. Skulen sine utfordringar og læraren si rolle er endra dramatisk i løpet av få tiår. Wikipedia legg spesielt vekt på nettopp det siste i omtalen av skuleutviklinga dei siste150 åra:

Den norske skolen har gjennomgått ulike faser siden etableringen av allmueskolen i midten av det 19. århundre. Lærerrollen har også gjennomgått store forvandlinger i denne tiden. Da folkeopplysningsskolen, eller folkeskolen, tok form i siste halvdel av 1800-tallet kunne en typisk lærer passe til denne beskrivelsen: «*Læraren hadde høge hugmål, og var engasjert i fråhaldssak, målsak, norskdom og kristendom. Han levde med folket i glede og sorg, og han var kyrkjesongar, og forsongar ved gravferder og slikt. På 17de mai var han sjølvskriven talar. Det var han som hadde lengste maisløyfa i jakkeslaget, og dette vart oppfatta som han var den som stod på høgast nivå i kunnskap og nasjonalkjensle*» (Wikipedia).

## Lærarløft og danningsoppdrag i 2014

Alle politiske parti lova i valkampen 2013 å satsa på skulen og gjenreisa respekten for læraryrket. Ordet *lærarløft* er blitt eit mantra. Men kva legg vi i det? Korleis vil vi sjå det i praksis?

I ei tid med press mot skulen frå alle kantar er det grunn for å gjera djupdykk og bruka tid på dei mest grunnleggjande spørsmåla om skulen i framtida. *Kva skal skulen sitt store prosjekt vera dei neste tiåra?* Rune Slagstad skriv spissformulert at det «samfunnsstriden dreier seg om, er om vårt samfunns basis skal preges av den demokratiske folkelighet og dens verdier om kunnskap og moral – eller av de verdier som styrer Fallskjermjegerenes landssammen-slutning (Slagstad 2000, s. 383).

Vil vi at skulen skal vera aktør i arbeidet for å setje kursen for samfunnsutviklinga, slik fleirtalet i Steenkomitéen meinte midt på 1970-talet: «Skolens målsetning må m.a.o. omfatte et sett av ideer om hvordan vi vil ha det, hvordan vi skal leve, hvordan vi vil samfunnet vårt skal se ut. Skolens målsetning må således omfatte en kulturell og en politisk ideologi» (Steenkomiteen 1973)? Skal vi ha ambisjonar for skulen som går langt utover å klatra på Pisa sin adels-kalender, styrkja norsk konkurransekraft og leggja grunnlaget for framtidige arbeidsplassar i ei globalisert verd? Eller er det kanskje tid for å reformulera skulen sitt breie samfunnsoppdrag og slå fast at heretter skal læraren ha eit meir spissa kunnskapsfokus og konsentrera all si kraft om postmoderne «abc-innbanking i kakkelovns-krogen», målt gjennom nasjonale prøvar og Pisaresultat?

I den nye føremålsparagrafen som eit samla Storting har stilt seg bak, anar vi ideologiske spor heilt tilbake til Ole Vig si pedagogiske og skulepolitiske grunnforståing. Det synest framleis å vera semje om at samfunnsoppdraget skal vera forankra i eit breitt dannningssyn og gi born og ungdom «kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet» (Føremålsparagraf for grunnopplæringa 2008).

*Fløgstad skule, Sauda*

Kunnskapsdepartementet er i lys av føremålsparagrafen no i ferd med å revidera gjeldande «Generell del av læreplanen» og reformulera dei overordna føringane for korleis skulen og lærarane skal realisera dei overordna måla i eit postmoderne og stadig meir fleirkulturelt samfunn. Det viser seg nemleg at det ofte kan vera lang veg mellom visjon og praksis. Heidi Biseths forsking på demokratiopplæringa i ungdomsskular og vidaregåande skular i Noreg, Sverige og Danmark indikerer mellom anna at lærarane opplever at dei manglar både kompetanse og tid til å gi god opplæring i demokrati:

«Lærerne mangler redskaper til hvordan de kan undervise om demokrati i praksis, og hvordan de skal koble demokratiopplæring til flerkulturelle (...). Det kommer i tillegg til alt det andre som skal gjøres, og de

har heller ikke lært om dette på lærerskolen». Forskaren held fram at det er vanskeleg å oppretthalda dei demokratiske verdiane i møte med andre grupper som ein trur har andre verdiar (Biseth 2010).

## Læraren i det offentlege rommet

Rune Slagstad (2013) etterlyser i ein artikkel i Minervanett «samfunnsbyggerne som forsvant» og vil ha lærarane tilbake som tydelege aktørar i det offentlege rommet: «Mer enn noe annet roper dagens situasjon på lærere som kan oppdra til samfunnsånd, og som kan gi identitet til skolen som kunnskapsformidlende, moraldannende og demokratiserende institusjon» (Slagstad 2000, s. 383).

Andre, mellom dei høgskulelektor Oddvin Alfarnes, spør om dette er ønskeleg - eller i det heile tatt mogleg:

Det høres så viktig og riktig ut - men det spørs om det ikke er røster fra fortiden. Det er tanker som henger igjen fra en tid da lærerens rolle i samfunnet var en helt annen enn den er i dag. Det er ikke *læreren* som har forandret seg, det er samfunnet omkring som er et helt annet.

Den store forskjellen fra den gang er det allmene kunnskapsnivået i samfunnet, som henger sammen med at svært mange mennesker har utdannelse av minst samme varighet som læreren, og med at *skolen* på ingen måte lenger har den betydning som kunnskapsforvalter som den hadde før. Ikke fordi skolen er blitt dårligere, men fordi vi har fått konkurrerende informasjonskanaler. Alt dette gir både skolen og læreren en ny rolle. Snakket om å «gjenreise» den gamle læreren er som å be eldstemann i barneflokken vokse videre for å holde småsøsken fra livet (Alfarnes 1999).

Det finst ingen veg tilbake til Venstre-staten, heller ikkje til den sosialdemokratiske reformperioden dei siste tiåra fram mot tusenårsskiftet. Tida lét seg ikkje skru attende. Rune Slagstads utfordring bør likevel ikkje møtast med skuldertrekk. Det vil vera svært uklokt å avfeia problemstillingane som nostalgiske og slå kontant fast at lærarane frå «skolefolkets storhetstid» er ein utdøyande rase. Dette handlar nemleg om noko så grunnleggjande som kva skulen sitt store prosjekt er i ei tid og samfunn der det mest sikre vi kan seia, er at stadig meir er usikkert. Særleg i jubileumsåret 2014 skal vi vakta oss for å ta lett på den nødvendige samtalen om så fundamentale spørsmål, ein open samtale om det Slagstad (2005) omtalar som «*det demokratisk-kommunikative motiv som sto i sentrum for husmannssønnen Ole Vig for 150 år siden*» .

## Dei høge og breie skuldrene

Som ei avslutning på mi første sju års dannings- og læringsreise på Fløgstad skule i Sauda fekk eg æra av å bera skulefana på ein av etappane i 17.maitoget. Alle som stod langs ruta, kunne nok sjå at den kortvokste sjuandeklassingen var stolt. Det var sikkert mange grunnar til det. Kasnkje ana eg alt den gongen noko av det som middelalderfilosofen Bernard av Chartres skreiv så langt tilbake som på 1200-talet: «*Vi er dverger som sitter på skuldrene til kjemper. Om vi ser lenger enn dem, skyldes ikke det skarpheten i vårt syn, men fordi vi er løftet opp og båret av deres gigantiske størrelse*».

Eg var mellom dei heldige som i oppveksten fekk klatra opp på skuldrene til pedagogiske kjemper. Frøken Johnsen og lærar Aksnes var utdanna og danna i lærarstanden sin gullalder, mellom dei mange «markante pedagogiske skikkelser som hørte til det offentlige rom»:

Mange av dem var forankret i det frilynte, noen i det pietistiske, men fremfor alt var de skolefolk, lærere eller lektorer. Deres genre var fortellingen - klasserom-

mets lille så vel som folkestevnets store fortelling. Det var oppdragende fortellinger som skulle gi folkeviljen demokratisk selvbevissthet og moralsk identitet. Det overordnede for dette skolefolket var det pedagogiske perspektiv på samfunnet, med skolen som nøkkelinstitusjon: samfunnet som et pedagogisk rom. Temaet var folkestyrets befesting gjennom «folkeuppseding» (Slagstad 2000, s. 38).

Dei elevane som starta på skulen i august 2013, skal stiga inn på den vaksne samfunnsarenaen frå rundt 2030 og framover. Dei vil møta eit langt meir komplekst og globalisert samfunn og større og meir krevjande utfordringar enn nokon generasjon før dei har opplevd. Dei skal dannast og utdannast av lærarar med ein annan bagasje, ein annan status og posisjon og ei anna profesjonsforståing enn mine 50- og 60-talslærarar hadde med seg i ryggsekkane sine.

Men også på 2000-talet skal skulen tilby skuldrer som er breie, høge og solide nok til at born og ungdom kan stå trygt og sjå meir enn vi vaksne ser idag, også ting langt framme. For å realisera ein slik visjon trengst meir enn spisskompetanse i norsk, matematikk og engelsk.

På eitt vis er kanskje pedagogiske kjemper som frøken Johnsen og Aksnes ein utdøyande rase? Dessverre – og kanskje på same tid heldigvis? Men dei hadde skuldrer som var gode og trygge å stå på. Også i ei postmoderne tid treng vi lærarskuldrer som er høge og breie nok til at «dvergar» kan klatra opp, sjå lengre enn langt og læra og finna livsmot av det dei ser. For også i 2014 og framover treng vi, som på Erling Kristvik si tid, «ungdom som går aktivt inn i hendingane, vinn herredøme over vilkåra og realiserar sine beste draumar».

Dette er skulen sitt store framtidsprosjekt. I dag og imorgon – som det alltid har vore.

## Litteraturliste


Alfarnes, O. (1999). *Kunnskapsrike overmennesker.* Artikkel i Aftenposten 17.10.1999

Biseth, H. (2010). *Svikter demokratiopplæring*. Artikkel i Forskning.no 29.12.2010

Bø, I. (2010): *Magnus Takle 1883-1971*. Tasta historielag

Eidsvåg, I. (2005). *Den gode lærer i liv og diktning*. Oslo: J.W.Cappelens Forlag as

Kristvik, E. (1937): *Striden millom gamal og ny skule*. I Ebbestad Hansen, J-E, red. (1998): *Norsk tro og tanke. 1800 – 1940*. Oslo: Tano Aschehoug

Nissen, H. (1852). *Departementalt rundskriv.* Sitert i statsråd Jon Lilletuns utdanningspolitiske utgreiing til Stortinget i 1998

Slagstad, R. (1998). *Skolens oppgaver – hva slags lærere trenger vi ?*I Aasen J., Engen T.O., Østerud P. og Hollekim I., red.: *Nok er nok: perspektiver på norsk lærerutdanning: festskrift til Per Østeruds 70-årsdag*. Oslo: Oplandske Bokforlag

Slagstad, R. (2000). *Kunnskapens hus*. Oslo: Pax Forlag A/S

Slagstad, R. (2005). *Utvalgte polemikker.* Oslo: Pax Forlag A/S

Slagstad, R. (2013). *Samfunnsbyggerne som forsvant*. Artikkel i Minervanett 20.03.2013

# Ole Gabriel Ueland – omgangsskulelæraren som vart bondehovding og forkjempar for lokalt og nasjonalt folkestyre

*Av Sigmund Sunnanå*

## Innleiing

Ole Gabriel Ueland (1799 – 1870) hadde uvanlege politiske leiareigenskapar. Han var den store bondehovdingen på midten av 1800-talet. I løpet av dei 36 åra han var stortingsmann, fekk han gjennomført mange reformer og saker som styrkte og utvida folkestyret både lokalt og nasjonalt. Han kjempa mot embetsmannsvelde og det sentrale maktapparatet. Gjennom arbeidet sitt gjorde han politikk folkeleg og bana vegen for at også personar frå fattige og små kår kunne oppnå politiske posisjonar. Han såg på Bibelen og Grunnlova som fundamentet for vårt folks liv.

## Bakgrunn

Ole Gabriel Ueland vart fødd og voks opp på garden Skåland i Lund kommune, Rogaland. Foreldra levde i fattige kår. Farfaren og morfaren budde også i heimen. Dei var flinke til å fortelja både frå Bibelen og om historiske hendingar og eventyr. Hardt arbeid og strev prega barndommen hans. Mora lærde han å lesa. Å skriva lærde han seg sjølv ved hjelp av eit skriveopplegg som faren hadde fått av læraren sin. Ingen i bygda kunne rekna, men ein dreng og ein bonde i nabobygda gav han litt rettleiing. Då han fekk ei reknebok sendande frå Kristiansand, vart det lettare for han å læra å rekna på eiga hand (Bergsgaard, bind I s. 12).

*Ole Gabriel Ueland 1799 – 1870.*

Omgangsskulen i bygda var ikkje rare greiene. Faren sendte han til skulen berre nokre gonger slik at presten skulle godkjenna han som konfirmant. Under konfirmasjonsførebuinga la presten merke til at Ole Gabriel hadde uvanlege evner. Presten sette han derfor som 18-åring til å vera omgangsskulelærar i Lund. Han hadde 6 spesidalar for året i lønn, dvs. 1/3 av lønna til ein gardsdreng. Ein tidlegare prest hadde fått i stand eit bibliotek i bygda. Dette nytta Ole Gabriel flittig. Han brukte alle

fristunder til å lesa religiøse skrifter, historiebøker og lover og skrifter av juridisk natur. Dette var kunnskap han seinare fekk god bruk som rådgivar for bygdefolk og som stortingsmann.

Under ei fellesgudteneste i Lund med folk frå Heskestad, der han var klokkar, møtte han odelsjenta Marte Ueland. Endå om far til Marte var imot at ho skulle slå seg i lag med ein fattig omgangskulelærar frå Lund, greidde mor til Marte og presten til slutt å overtale faren til å gå med på giftarmål. Etter bryllaupet i 1825 flytte Ole Gabriel til Ueland og tok namn etter garden.

Ole Gabriel viste seg å vera ein svært dugande bonde. Han tok mellom anna i bruk nye dyrkings- og grøftemetodar. Han var dessutan ein svært omtykt klokkar og omgangskulelærar, ei stilling han hadde frå 1827 til 1852. Han var kunnskapsrik og hadde god innsikt i mange saker både av praktisk og teoretisk karakter. Bygdefolket nytta han derfor som rådgivar og skrivekyndig, mellom anna når det galdt juridiske spørsmål. Då kona, Marte, døydde i 1847, gifte han seg med Anne Hetland. Han flytta først til garden Ollestad og kjøpte seinare garden Hetland der han døydde i 1870.

Ueland kom tidleg med i det offentlege livet i bygda og var ordførar 1837 – 1851, og frå 1856 – 1859. I tida 1852 – 1856 var han også lensmann i Heskestad. Han fekk ord på seg å vera ein dugande og akta mann også utanfor bygda. Dette førte til at han vart vald til stortingsmann frå Stavanger amt i 1833. Han vart seinare attvald og møtte på Stortinget heilt til 1869, dvs. i 36 år.

## Stortingsmann frå Stavanger amt

Framfor stortingsvalet i 1833 agiterte John Neergaard frå Nordmøre for at bønder skulle velja standsfellar framfor embetsmenn som representantar. Aksjonen lykkast, og Ueland kom som representant frå Stavanger amt til stortinget saman med ein stor skare av bønder. Dette tinget vart seinare kalla «bondestortinget». Bøndene danna ei opposisjons gruppe der Ueland vart føraren. Alt det første året «nådde han op til at blive erkjendt som det lyseste Hode blant Bønderne og deres ledende Aand», skreiv professor Sars seinare. ( Dreyer Dybdahl s. 12). Og til slutten av 1850-åra var Ueland den sentrale opposisjonelle leiaren i stortinget. I 1830-åra samarbeidde han mellom anna med Jonas Anton Hjelm, i 1840-åra med Ludvig Kristensen Daa. Saman med Johan Sverdrup danna han Reformforeininga som arbeidde for demokratiske reformer. På slutten 1850-åra og i det neste tiåret vart Ueland sterkt pressa mellom Søren Jaabæks aktive bondevenner og Johan Sverdrups liberale akademikarar. Han hadde framleis ei sentral rolle i det politiske landskapet, men han hadde ikkje lenger den maktposisjonen i stortinget som han før hadde hatt (Store Norske Leksikon).




*Heskestad stasjon.*

## Det lokale sjølvstyret

Ueland kom inn på stortinget som bondepolitikar. Han såg det som ei viktig oppgåve å styrkja bøndene sine økonomiske og sosiale kår og deira lokale sjølvstyre.

Då han møtte på stortinget, var alt arbeidet i gang med å laga eit nytt opplegg for lokalforvaltninga som høvde med prinsippa i Grunnlova. Bøndene på stortinget med Ueland i spissen gjekk sterkt inn for at lokale styringsorgan skulle få avgjerdsrett i viktige saker, til dømes budsjett og pengebruk. Det vart strid mellom stortinget og regjeringa om kva for rolle dei folkevalde og embetsmenne skulle ha i den lokale styringa. Stortinget fekk til slutt gjennomslag for dei fleste av sine synspunkt. Formannskapslovene vart sanksjonerte av Karl Johan 14. januar 1837.

Med formannskapslovene følgde ei inndeling av landet i formannskapsdistrikt. Desse fekk i 1890 namnet herad, seinare kommunar. Formannskapsdistrikta fekk i dei fleste tilfelle dei same grensene som prestegjelda. I kvart distrikt skulle det veljast eit formannskap leia av ein ordførar. Formannskapet skulle ha vedtaksrett i viktige saker som galdt lokale forhold, til dømes utskriving av skatt, utarbeiding av budsjett og pengeløyvingar. Ordførarane i amtet skulle utgjere eit amtsting som skulle stelle med saker som galdt heile amtet.

Det var nok ikkje mange bønder som i 1837 kjende seg særleg skikka for å gå inn i styre og stell slik formannsskapslovene føresette. Det var presten og lensmannen som hadde teke seg av dette før. Bøndene hadde berre vore representerte i fattigkommisjonen og skulekommisjonen der presten var formann og hadde det avgjerande ordet. For Ueland var det ikkje minst viktig at den nye styringsordninga kunne gi bøndene opplæring i demokrati og demokratisk styring. Formannsskapslovene opna for at bøndene fekk stort ansvar for den lokale styringa endå om prest og lensmann og andre embetsmenn framleis hadde mykje å seia. Med formannskapslovene vart dei demokratiske prinsippa i Grunnloven gjort gjeldande også på lokalplanet. Lovene la grunnlaget for den seinare utviklinga av kommuneforvaltninga og det lokale sjølvstyret.

## Ueland og prestane/Kyrkja

Ueland arbeidde for at prestane skulle få mindre makt. Han ville ha meir folkestyre også i Kyrkja. I 1854 gjekk han til dømes imot at det vart oppretta stillingar for stiftskapellanar. Han grunngav standpunktet med at det var ikkje prestar ein mangla, men »et sant og ekte brorskap og foreningsbånd mellom menighet og geistlighet» (Dreyer Dybdahl, s. 17). Ueland ville at det skulle veljast eit sokneråd (menighetsråd) som mellom anna skulle uttale seg når prestar skulle tilsetjast. I denne saka kom han i strid med dei geistlege og han opplevde ikkje at denne reforma vart gjennomført.

Konventikkelplakaten hadde forbod mot å la lekfolk forkynne Guds ord. Dette gav prestane ei sterk stilling. Ikkje minst takka vera Ueland sin innsats vart denne plakaten oppheva av stortinget i 1842. Ueland var likevel ein sterk tilhengar av statskyrkjeskipnaden. Han røysta derfor mot lovframlegget til ei meir liberal dissenterlov i 1845 fordi han var redd for at ei liberalisering på dette feltet ville føra til oppsmuldring av statskyrkja. Han meinte også at dei fleste embetsmenn måtte vera medlemmer av statskyrkja.

I Grunnlova stod det at jødar ikkje hadde «adgang til Riget». Spørsmålet om å endra grunnlova på dette punktet var oppe i stortinget i 1842, 1845 og 1848. Ueland var imot ei slik endring, og hans votum var avgjerande for at saka lei nederlag. Dette skapte sterke reaksjonar. Henrik Wergeland har ein lite flaterande omtale av Ueland i skriftet «Jødesagen i det norske Storthing». Ueland var i prinsippet motstandar av endringar i Grunnlova. I «Jødesaka» skifte han likevel

til slutt standpunkt og gjekk i 1851 inn for å oppheva paragrafen slik dei fleste andre bonderepresentantane også gjorde.

## Styrking av skulen

Skulelova som kom i 1860 er ei av dei viktigaste skulelovene i vårt land. Lova var eit brot med formålet om at skulen skulle vera ein kristedomsskule med konfirmasjonen som mål. Nå kom også verdslege emne inn i skulen i samband med P. A. Jensens lesebok. Dette skiftet i målsetting førte til ein av dei bitraste skulestridar vi har hatt i vårt land. I tillegg gjorde lova fastskulen til normalordning i staden for omgangsskulen. Dette var heller ikkje alle samde i fordi ein tok skulen bort frå heimane og foreldra sin kontroll med undervisninga. Dertil kom at fastskulen skulle ha seminarutdanna lærarar. Somme av desse var påverka av Grundtvigs liberale teologiske idear, noko som skapte frykt i visse krinsar. Noko heilt nytt som også kom med denne lova, var at staten skulle ta på seg å refundera like store utgifter som vart løyvde lokalt. At staten gjekk inn med økonomisk stønad, førte til ei sterk utvikling av skulen med mellom anna bygging av mange skulehus.

Lova hadde ei uvanleg forhistorie i og med at stortinget la departementets lovframlegg bort og i staden la Hartvig Nissens private lovforslag til grunn. Ueland var spesielt glad for at faste skular skulle avløysa omgangsskulen som normalordning. I stortinget sa han mellom anna at han var den einaste omgangsskulelæraren på tinget, og at han hadde vore det i 30 år, og såleis visste kva han tala om. Den som ikkje har sett noko betre, sa han, kan med nauda finna seg i det, men elles er det ikkje til å halda ut. Han sa vidare at når det var 4-5 barn, kunne omgangsskulen vera høveleg, men var der 30, så måtte det vera fast skule, elles kunne det ikkje bli noko skikk på skulestellet (Bergsgaard, bind I s. 228).

Ueland gjekk konsekvent inn for å spara pengar i staten. Stortingskollegaene hans undra seg derfor at han kunne godta at det i Nissen sitt lovframlegg var lagt opp til at det skulle vera ein skuledirektør i kvart stift. Skuledirektøren skulle mellom anna hjelpa til med utviklinga av skulen i sitt stift. For Ueland var nok dette det vanskelegaste å godta i lovframlegget, men han såg på framlegget frå Nissen som ein heilskap som det ikkje måtte rokkast ved. Å ta ut skuledirektørparagrafen kunne vera øydeleggjande for eit positivt lovframlegg. Med Uelands støtte vart derfor paragrafen vedteken. Seinare trega han nok på dette og gjekk inn for å avvikla embetet. Han syntest ikkje at skuledirektørane hadde blitt til den framhjelp for skulen i bygdene som intensjonane i lova la opp til. Staten burde heller spara dei pengane desse stillingane kosta. I 1872 var det eit kvast ordskifte om denne saka i stortinget, men med knapt fleirtal vart embetet vidareført.

## Folkeleg innslag i rettssystemet

Arbeidet hans for større folkeleg innslag i forvaltninga prega også hans kamp for større folkeleg innslag i rettssystemet. Han ville ha ein jury samansett av «vanlege» folk som kunne vera med og dømma i straffesaker. Arbeidet med jurysaka starta i 1845, men vart trenert og motarbeidd. Ueland prøvde seg i 1854 med eit forslag om «Lov om Rettmænd». Juryen skulle etter Ueland si meining ivareta «Folkets practiske Fornuft» og vera ei nødvendig følgje av «den herlige Bygning, som grundlagdes på Eidsvold 17. mai 1814» (Store Norske Leksikon).

Stortinget oppretta ein kommisjon som skulle geia ut saka. Både vedtaket om å oppretta ein kommisjon og arbeidet i kommisjonen vart motarbeidd av regjeringa.

Ueland måtte seia opp lensmannsstillinga for å kunna vera med i denne kommisjonen. Arbeidet i kommisjonen førte til eit lovforslag om jury som stortinget vedtok i 1857, men som vart nekta sanksjon. Først i 1887 vart jury innført som ordning i det norske rettssystemet (Store Norske leksikon).

## Styrking av stortingets rolle i forhold til regjeringa

Ueland reiste det store forfatningsspørsmålet om forholdet mellom storting og regjering. Dette vart det sentrale spørsmålet i norsk politikk på slutten av 1800-talet. Ueland ønskte å styrkja stortinget si makt og Noregs rolle innafor unionen med Sverige. Han irriterte seg over at mange vedtak som stortinget gjorde, vart nekta sanksjon av Kongen i statsråd. Då han kom på stortinget i 1833, var stortinget berre samla nokre månader kvart tredje år. Dette førte til at regjeringa fekk stor makt. Ueland ville derfor at stortinget skulle ha årlege samlingar slik at det mellom anna kunne føre betre kontroll med dei tiltak som regjeringa sette i verk. I 1870 vart det vedteke at stortinget skulle samlast minst ein gong i året. Han tok også initiativet til at det skulle givast ut eit Stortingstidende som inneheldt opplysningar om stortingets arbeid.

## Sparsemd i statshushaldet

Ueland voks opp i små kår og lærte tidleg at det var viktig å spare. Dette var ei haldning som prega arbeidet hans på stortinget. Han gjekk inn for sparing i statshushaldet og var varsam med løyvingar til mellom anna utbygging av vegar, dampskip og jernbane og til forsvaret. Han hadde lite sans for offentlege løyvingar til kunst og kultur. Dette fekk mellom andre Henrik Ibsen merke. I «De Unges Forbund» er Ueland truleg modell for Anders Lundestad.

## Ueland var engasjert i mange saker

Det vil føra altfor langt å nemna alle dei saker Ueland reiste og som han var med på å gjennomføra. Han engasjerte seg mellom anna i spørsmål som galdt skatt og toll, innføring av allmenn verneplikt, liberalisering av handverkslovene som gjorde det lettare å driva med handvek på landet. I all si gjerning var han talsmann for bøndenes og landdistrikta sine interesser, men hadde også syn for arbeidarar og andre småkårsfolk. Som stortingsmann møtte han sjølvsagt mykje motbør. Særleg statsapparatet med Konge og regjering i brodden hadde lite godhug for arbeidet hans. Det same galdt embetsverket både lokalt, regionalt og nasjonalt. Han møtte også motbør hos sine standsfeller. Saka om dissentarlovgivinga var med på å splitta bøndene på stortinget, og i saka om avvikling av husmannssystemet fekk han storbøndene på Austlandet mot seg. Det syntest likevel som han tok kritikk og motgang med stor ro. Han var trygg på at det han stod for, var det beste for folk og land.

## Sluttord

Ueland var ingen ideolog som stod fram og agiterte med store ord om samfunnsendringar. Når det til dømes galdt Grunnlova, såg han på henne nesten som «heilag». Helst ikkje noko i den skulle endrast. Han hadde ei sterk kristentru tufta på haugianismens tradisjonar. Denne var med og prega han i alt hans arbeid. Det var på det praktiske planet han var den store politikaren og strategen. Han var oppteken av kva folk opplevde som vanskelege i kvardagen, og prøvde å finna løysingar som kunne gi folk betre livsvilkår. Han ville løfta folket gjennom å gi «vanlege» folk opplysning og ansvar og redusera makta til dei som hadde maktposisjonar og gjerne misbrukte den makt dei hadde i kraft av sine stillingar og posisjonar i samfunnet.

Ueland hadde ein stillfarande, men også stødig og sikker framtoning, i motsetning til dei meir brautande og gjerne fritalande austlandsbøndene som prega bondepolitikken i første halvdel av 1800-talet. Han var god til å argumentera for sine meiningar, og han fann ofte nye moment og innfallsvinklar for å finna praktiske løysingar i vanskelege sakar. Han hadde gode leiareigenskapar og evne til å skapa tillit hos folk og overtyde dei om at det han meinte og stod for, var det rette. Om dette seier han sjølv at «den ikke kunde forklares anderledes, end at jeg – som en av vore Landsmænd har sagt – maa være en av dem, der af Skaberen har faaet dette ubegribelige «Noget», som gjør, at man vinder Folkets Yndest, medens Andre med lige saa gode Evner og Villie, kun vinde Miskjendelse. Jeg har troe at saadanne Tilskikkelser ere ligesom Vink fra Forsynet, at man skal virke; og ene og alene denne Tro har givet mig Mod dertil» (Dreyer Dybdahl, s. 18).

I sin avskjedstale til stortinget i 1869 sa han mellom anna: «Jeg er den Mand i denne Forsamling, som har deltaget i de fleste Forhandlinger på Stortinget. Jeg tror, at naar Nogen kan rose sig af at være identificeret med Folket og med det District, hvorfra han er sendt, saa kan jeg rose mig af det. Jeg er i 35 Aar valgt omtrent enstemming. Man har aldrig fordret af mig nogen Troesbekjendelse , ligesaalidt som jeg er gaaet in paa at give nogen saadan. Man maa altsaa have været fornøiet med mine Meninger, som jeg har udtalt om Forandringer, der gik videre og paa nogen Maade vil indskrænke Kongemagten, den deler Folket. Jeg maatte, Hr. Præsident! – og jeg tror, at Forsamlingen undskylder mig – udtale disse Ord. Thi der er paa Grund af min Alder liden Sandsynlighed for, at jeg kommer til at deltage i flere af Stortingets Forhandlinger. Med disse Udtalelser anser jeg som mit politiske Testament til mine Landsmænd» (Dreyer Dybdahl, s. 19).

*Den 9. juli 1932 blei det avduka ein bautastein til minne om Ole Gabriel Ueland. Relieffet på steinen er laga av Ståle Kyllingstad.*

Ole Gabriel Ueland døydde 9. januar 1870. Gravferda var frå Heskestad kyrkje. Bjørnstjerne Bjørnson skreiv desse versa ved hans bortgang:

Det har arbeidet lenge
og stille, slekt på slekt,
før sådan kraft kan sprenge
århundrers vanevekt.
Hva bondens bunn kan bære,
skjønt sjelden der ble sådd,
det er vår folke-ære -
og har vår fremtid spådd.

De alvorsfulle fjorde
i snefjell-skyggers rund
hans barndoms tanker gjorde,
og livets dype grunn.
Når viddets sol da spilled
og fjord og fjelles sne,
det ga så høyt et billed
som noen ville se.
Da han til tinge møtte
og reiste bondens sag,
hvert ord en stråle fødte
i folkets unge dag.
Det kom som gammel tone,
det kom som fjell-gjemt sagn,
det kom med fortids krone
til slektens pryd og gagn.

Skjønt bonde bagom plogen
og sjømann i sin båd,
han tenkte fint som nogen
i hele kongens råd.
Hans år er vidner dyre,
om at vi nok skal nå
det jevne folkestyre
som han i ånden så.

Selv gammel, trett og svekket,
han trodde på sitt verk;
den folkeånd han vekket,
ble alltid mere sterk.
Han sank innunder merke,
og ville lenger frem, -
derfor valkyrier sterke
bar gubben med seg hjem.

Fra vinternattens gysning
han festlig ledtes inn
i sagahallens lysning
mot høvdingbenkens trinn.
Så mangen gammel herre
seg reiste og gikk frem,
men først av dem kong Sverre,
han var i slekt med ham.

Den 9. juli 1933 vart det avduka ein bautastein på Heskestad til minne om Ole Gabriel Ueland. Bautasteinen stod lenge ved sida av riksvegen gjennom bygda, men nå er traseen for riksvegen lagt om. Bautasteinen står nå ved vegen til Ualand litt nord for Heskestad kyrkje.

## Litteratur

Arne Bergsgaard: Ole Gabriel Ueland og bondepolitikken, bind I og II. Oslo 1932. H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
Kåre Dreyer Dybdahl: Omgangskolelærer ble bondehøvding. Skolehistorisk årbok for Rogaland 1987.
Store Norske Leksikon

# Nasjonalsangene og demokratisk dannelse

***Av Ernst Baasland***

Som første generasjon siden 1814 har dagens nordmenn nedprioritert nasjonalsangene.

Det er nesten pinlig på 17. mai. Ett vers av «Ja, vi elsker dette landet» går som regel bra. På det andre verset sliter en del. Mange tar sjansen på at det siste verset er mest mulig likt det første verset. Selvsagt er det nytteløst å prøve seg på de andre fem versene av nasjonalsangen. Da går det litt bedre med noen linjer av «Vi ere en nasjon vi med» og «Norge i rødt, hvitt og blått». Ett vers av «Gud signe Noregs land» og «Guds signe vårt dyre fedreland» pleier også gå sånn nogenlunde. Men flere vers krever fordypning i programheftet.

Alt dette er mine egne observasjoner, og egentlig burde noen kartlegge fakta om dette. Da ville andre av mine observasjoner bekreftes – eller avkreftes: Jeg observerer tydelige forskjeller mellom generasjonene. Eldre kan betydelig flere nasjonalsanger enn yngre. Videre synes nynorskfolket å beherske dem best. Det samme må sies om folk med bakgrunn i det kristelige eller frilynte ungdomsarbeidet. Den kulturelle endringen, særlig etter 1990, har trolig skjedd noe ubevisst, men den er altså hørbar. For en generasjon siden måtte alle nordmenn simpelthen kunne et stort knippe av nasjonalsanger. Da ble sangbøkene til Olaus Alvestad, Lars Søraas og Mads Berg ennå brukt, og her var nasjonalsangen kanskje den viktigste delen av den norske sangskatten.

*Kampen for det norske flagget ble vunnet i 1899 (Foto: Kjell Espedal)*

Vi må reise spørsmålet om skolen eller andre har sviktet. Men først vil vi se på nasjonalsangenes bidrag til demokratisering i et dannelsesperspektiv.

*Henrik Wergeland*
*1803 - 1845*

## Nasjonalsanger før og etter 1814

Få kan i dag synge drikkevisen «*For Norge, Kjæmpers Fødeland*», skrevet av biskop Johan Nordahl Brun. Den burde brukes oftere. I hundre år var den kanskje vår mest brukte nasjonalsang. Wergeland elsket den og kalte den «en norsk marseillaise», dog «bespængt med Viin, om ikke med Blod». Wergeland hadde rett. Det første verset taler et tydelig språk.

For Norge, Kjæmpers Fødeland, Vi denne Skål vil tømme,
Og når vi først fåe Blod på Tand, *Vi sødt om Frihed drømme;*
*Dog vågne vi vel op engang Og bryde Lænker, Bånd og Tvang*;
For Norge, Kjæmpers Fødeland, Vi denne Skål udtømme!

Den ble skrevet i opprørsåret 1772, bare dager etter at Struensee ble halshogd. I det politiske oppgjøret i København var norske livvakter, sjøfolk og diktere - viktige aktører. Mange av dem var villige til å «*bryde Lænker, Bånd og Tvang*». Bruns formulering henspilte åpenbart på Absalon Pedersson Beyers bemerkning i boken «Om Norgis Rige». Han skrev i 1567: «Dog kunde vel Norge vågne opp av søvnen en gang!». Da møtet på Eidsvoll ble avsluttet i 1814, var det denne sangen de 112 mennene stemte i. Brun hadde 33 år tidligere skrevet den i skjul for danskekongen. Nå var den nyutnevnte kongen, Christian Frederik, med i sangen. Den var i 1814 vår første, svært så uoffisielle, nasjonalsang.

Wergeland elsket Bruns provoserende drikkevise. Derfor skrev han sitt mesterverk, « *Vi ere en Nation vi med*», på samme melodi som Bruns nasjonalsang.

*Vi ere en Nation vi med, vi Små en Alen lange:*
*et Fædreland vi frydes ved; og Vi, Vi ere mange.*
*Vort Hjerte veed, vort Øje seer,hvor godt og vakkert Norge er,*
*vor Tunge kan en Sang blandt fleer av Norges Æressange.*

Wergeland alluderer åpenbart til Bruns sang: Norge er ikke bare «kjempers fødeland». Også de små, kun en «alen lange», er mektige når de synger Bruns vise og andre av «*Norges Æressange*». Wergeland hadde åpenbart et dannelsesperspektiv. De unge må læres opp om kravene til svenskekongen skal ha noen mulighet. Små skolebarn må læres til å elske landet. Ellers får en ikke til norsk selvstendighet og demokrati i Norge.

Mange så det på samme måte som Wergeland. Allerede i 1821 ble heftet «Norrøna» utgitt. Det samlet alle de norske «Æressange» som var skrevet frem til da. Et utvalg av disse vel 40 nasjonalsangene ble stadig brukt av studenter og andre som stod i spissen for den demokratiske bevegelsen i Norge i tiårene etter 1814. Aller først blant nasjonalsangene stod sangen som i 1819 ble

valgt ut som vår offisielt vedtatte nasjonalsang, «Sønner af Norges det ældgamle Rige», skrevet av Henrik Anker Bjerregård (1792-1842).

Allerede ordene «*det ældgamle Rige*» provoserte svenskene. De mente at broderfolket Norge ble til i 1814. Norske patrioter så det annerledes. For dem ble det gamle Norge vakt til live igjen i 1814. På Eidsvoll ble et nytt, og selvstendig grunnlag lagt. Det kanskje viktigste verset i vår offisielle nasjonalsang er derfor dette:

*Frihedens Tempel i Nordmandens Dale. Stander så herligt i Lye af hans Fjeld;*
*Frit tør han tænke, og frit tør han tale, Frit tør han virke til Norriges Held.*
*Fuglen i Skove, Nordhavets Vove. Friere er ej end Norriges Mand;*
*Villig dog lyder han selvgivne Love, Trofast mod Konning og Fædreneland.*

Tekstforfatteren, juristen Bjerregård, forstod dette perspektivet på 1814 svært godt: Grunnloven er et frihetsdokument, et norsk magna charta, som kan sikre reelt demokrati i Norge.

## Nasjonalsanger under skandinavismen

Nasjonalsangene rommer ofte en protest mot undertrykkelse av demokratiske rettigheter, men også en stolthet over det nasjonen har og står for. Den stoltheten er særlig viktig i tider hvor mange så ned på det kalde, forblåste landet med ville fjell og «*steinute strender*». I årene 1830-1870 oppdaget mange at nordmenn slett ikke trengte å skamme seg. Norge, og ikke bare Sverige og Danmark, hadde en rik kulturarv. Skandinavistene søkte etter felles røtter i Norden samtidig som de la vekt på de enkelte folks tradisjoner. De var inspirert av Grundtvigs syn på «folkeånden» og at ethvert folk måtte fremme sine tradisjoner og fremfor alt sitt «modersmål». Dan-




*«Vi ere en nasjon vi med ...».*
*(H. Wergeland)*

nelsesperspektivet var avgjørende for Grundtvig, og for Ole Vig, Bjørnson og andre som kjempet for en norsk «folkeskole» og etter hvert også «folkehøyskoler».

Ivar Aasen tok utfordringen med et eget morsmål på alvor, og ved sitt flittige innsamlingsarbeid synliggjorde han det språk som faktisk ble brukt i Norge. I tillegg hadde han (og Vinje, Blix, m.fl.) en lyrisk åre som viste hvor vakkert det norske språk var. Med god rett har noen ment at Aasens «Nordmannen» («*Mellom bakkar og berg utmed havet»)* er vår egentlige nasjonalsang. Det geniale ved sangen er at den gir en så vakker og samtidig realistisk naturskildring. Sangen fikk flere toner, og ble en sang mange kunne og faktisk fremdeles kan. I skolesangbøkene var det oftest seks vers. Men i ett av ti vers Aasen skrev, merker vi tydelig Aasens sosiale patos.

*Lat no andre om Storleiken kivast, lat deim bragla med Rikdom og Høgd!*
*Millom Kaksar eg litet kann trivast, millom Jamningar helst er eg nøgd*

Aasen skrev dette samtidig som Ole Vig og Bjørnson laget sine nasjonalsanger. Begge var utpreget skandinavister, som ikke var redde for å fremheve norske fortinn.

*Blandt alle lande i Øst og Vest, Er Fædrelandet mit Hjærte nest.*
*Det «gamle Norge» Med klippeborge, Mig huger (huer) bedst.*

Vigs sang er i dag nesten glemt. For femti år siden måtte alle skoleelever kunne seks vers av denne sangen, en sang som egentlig hadde 23 vers. To av kjerneversene sier kanskje aller mest om demokrati og dannelsens betydning;

*Jeg elsker højlig mitt Modersmål, Det klinger kraftigt som hærdet Stål*
*Fra Hjærtets grunde, I Folkemunde Hos Per og Pål.*
*Dog mest jeg elsker det Folkefærd Som har sit hjem mellom Fjæld og Skjær*
*Hvor Unge hædre De gamle Fædre Som bygde her*

Denne sangen inspirerte mange til å ta opp kampen for norsk språk og kultur. I god Wergelands ånd stelte Vig, Bjørnson og andre i stand et teaterslag i 1856. De ville ha slutt på at danske skuespillere dominerte teateret i Christiania. Nå skulle hele kulturlivet fremme den norske kulturen og vise at den var likeverdig med svensk og dansk kultur.

Faktisk gav den skandinavistiske bevegelsen optimale vilkår for nasjonalpoesien, bl.a. fordi nasjonalisme og internasjonalisme gikk hånd i hånd. Mange av de viktigste nasjonsangene ble skrevet i tiden før 1864 – for øvrig det året som markerte 50 års jubileet for 1814. Da slo Bjørnstjerne Bjørnson igjennom som den store nasjonalpoeten. I forbindelse med dette jubileet var han ustoppelig. Han skrev gode dikt om norsk identitet og holdt sterke taler, bl.a. til stor folkemengde på Slottsplassen 17. mai 1864. Senere på kvelden framførte kor med 200 sangere fedrelandssanger på Universitetsplassen. En nyskrevet «Ja, vi elsker» varmet spesielt denne bitende kalde maikvelden. Mange forstod allerede da at en ny nasjonalsang var skapt.

Historien om «Ja, vi elsker» er spennende, og den historien burde være bedre kjent. Bjørnson endret teksten på «Ja, vi elsker» flere ganger i tiåret 1859-1869. og ikke bare setninger og vers. Hele fokuset i sangen ble endret underveis. Den ble først skrevet i 1859 for å påvirke den nye kongen, Karl XV. Siden gjorde han den til noe i retning av en fedrelandssalme (med verset «*Norske mann i hus og hytte, takk din store Gud*!» til slutt). Men hovedfokus var hele tiden å sette den norske kampen for rettfredighet og fred («*så vi vant vor ret*»... «*for dets Fred slå leir*») inn i et internasjonalt perspektiv. Derfor kunne den bli vår nasjonalsang.

Bjørnson skrev flere fedrelandssanger, og den kanskje viktigste ble innarbeidet i romanen «Fiskerjenten» (1868). Som så ofte gir innledningen til Bjørnsons dikt mye av budskapet:

*Jeg vil værge mit land, jeg vil bygge mit land,*
*jeg vil elske det frem i min bøn, i mit barn,*

Denne sangen inspirerte en hel nasjon til å arbeide for demokrati og rett. Det er ikke tilfeldig at kong Haakon siterte nettopp denne sangen den 17. Mai 1940, da han talte fra Tromsø, som på det tidspunkt fremdeles var norsk jord. I tillegg til det verset kongen siterte, tar jeg med et vers som viser det nordiske perspektivet, at nasjonalisme må inneholde en vid forståelse av hva en nasjon skal være:

*Her er sommer-sol nok, Og vor fremtid er stor;*

Bjørnson var et politisk menneske. Da partiet Ven-

stre ble dannet, stod han på barrikadene for de mange demokratiske kampsaker partiet kjempet for. Dikt og ikke minst nasjonalsangene skulle fremme norsk selvstendighet og engasjement både for lokale og nasjonale saker.

## Nasjonalsanger før og etter 1905

Kampen om demokratiske rettigheter for nordmenn tilspisset seg ved forrige århundreskiftet. Den harde kampen for det norske flagget ble vunnet i 1899. Det fortsatte med kampen for en egen norsk representasjon i utlandet (konsulatsaken). Den ble utslagsgivende da Norge fikk sin selvstendighet i 1905. Da kong Oscar ifølge Stortinget hadde abdisert, var unionen historie og en egen norsk konge kunne velges.

Arbeiderdikteren Per Sivle ble overraskende nok vår fremste frihetspoet før 1905. Han satte den store Bjørnson i skyggen. Ett av Sivles mest kjente dikt ble formulert som en parole:

*Vi vil os et Land, som er frelst og frit*
*og ikke sin Frihed må borge*
*Vi vil os et land som er mit og dit,*
*og dette vort Land heder Norge*
*Og har vi ikke det Land endnu,*
*så skal vi vinde det, jeg og du*

Dette diktet ble viktig også etter 1905, både for kommunistene på 1920-tallet og for motstandsbevegelsen under krigen. En av de viktigste illegale avisene under krigen het nettopp «*Vi vil os et Land, som er frelst og fritt*». Diktet irriterte tyskerne og de sendte ut arrestordre på den opprørske forfatteren - 38 år etter at Sivle hadde gått bort.

De viktigste nasjonalsangene i årene omkring 1905 var fedrelandssalmene. Alle ble skrevet på landsmålet, og de bidrog samtidig til at nynorsken styrket sin




*Sangboka av Lars Søraas.*

stilling. Unge Garborg skrev den fantastiske salmen «*Gud signe Noregs Land*» midt i sin fase hvor han stadig tydeligere kritiserte kristendommen. Denne kristendomskritikken gav i første omgang salmen mindre gjennomslag enn den fortjente. Derimot trykket folket to andre fedrelandssalmer til sitt bryst, Anders Hovdens «*Fagert er landet du oss gav*» (1907) og ikke minst Elias Blix mektige salme «*Gud signe vårt dyre fedreland*». Den ble kanskje den viktigste fedrelandssang i årene omkring 1905. Den beveget alle da den avsluttet seremonien i Nidarosdomen ved kong Haakons kroning i 1906. Fra da av har den hatt stor plass i mange norske hjerter. Jeg siterer her to av versene:

Gud sig*ne vårt dyre fedreland,*
*og lat det som hagen bløma.*
*Lat lysa din fred frå fjell til strand*
*og vetter for vårsol røma.*
*Lat folket som brøder saman bu,*
*som kristne det kan seg søma*

*Vårt heimland lenge i myrker låg,*
*og vankunna ljoset gøymde.*
*Men, Gud du i nåde til oss såg,*
*Din kjærleik oss ikkje gløymde;*
*Du sende ditt ord til Noregs fjell,*
*Og ljos over landet strøymde*

Nordlendingen Blix brukte ofte metaforene «lys og mørke». Han ser på innføringen av kristendommen som en grunnleggende opplysningstid for Norge. Den dannelse og demokratisering kristentroen representerte, ble aldri problematisert. Derfor ble nettopp fedrelandssalmen vår viktigste nasjonalsang som ofte ble foretrukket fremfor «Ja, vi elsker».

Allerede i 1905 kom spørsmålet opp om vi i Norge har en *kanon* av fedrelandssanger. Norsk Skoletidende hadde i 1904 og 1905 ført en interessant debatt om temaet, og Lars Søraas (d.e.) utfordret norske myndigheter til å gi ut en offisiell utgave av våre fedrelandssanger. Svaret fra Kirke- og undervisningsdepartementet gav en liste over «Sangenes tekst og melodi [som] bør læres og tilegnes av elevene». Den så slik ut:

1. Sang for Norge (Ja, vi elsker, Av 8 vers brukes 5: tre først og to siste bør læres)
2. Normandssang (Blant alle lande, Av 23 vers brukes 6: 5 første + Dog mest jeg elsker)
3. Fædrelandssang (Jeg vil verge mit land: 5 vers)
4. Gud signe Noregs land (av 8 vers brukes 5: 3 + 2 siste)
5. Nordmannen («Mellom bakkar, og berg», 5 vers - av i alt 10)
6. Fædrelandssalme (av 7 vers brukes 5: 1-2.4-5.7)
7. Flagsang («Mens Nordhavet bruser», 3 vers)
8. Norges Storting (Av 5 vers brukes 3: 1-2.5)
9. Dei vil alltid klaga (5 vers)
10. Fædrelandssang (Det ligger et land, av 8 vers brukes 6: 1-5. 7)
11. Kongesangen (2 vers, i i N. Fogmanns utgave)

Den første kanon av nasjonalsanger mangler faktisk «vår kronede nasjonalsang» , Bjerregård «Sønner av Norge». Den var allerede i 1906 utkonkurrert av «Sang for Norge» («Ja, vi elsker» med 8 vers) som nevnes først. De fem neste sangene har tydeligvis en viss prioritet: Vigs Nordmandssang (Blant alle lande, 7 vers), Bjørnsons Fædrelandssang (Jeg vil verge mitt land), Garborgs «Gud signe Noregs land», Aasens Nordmanden og Blix´ Fedrelandssalme er nok den virkelige kanon. De fem siste, inklusive Kongesangen, nevnes etter de nasjonal kjernesangene, noe som neppe er tilfeldig.

## Nasjonalsanger under okkupasjonen

I kampen for et fritt Norge under okkupasjonen spilte nasjonalpoesien en avgjørende rolle. Allerede 17. mai skrev Nordahl Grieg diktet «*17. mai 1940 («I dag står flaggstangen naken»),* og mye ny og stor poesi fulgte. Likevel samlet den forbudte nasjonalsangen «Ja, vi elsker» nasjonen aller mest. Den trassige protestsangen gav uttrykk for hva folket mente. Da frigjøringen var et faktum, kunne 5000 fanger på Grini den 8. mai 1945 lage et mektig kor og stemme i «Ja, vi elsker». Etter 1945 har det derfor aldri vært tvil om at «Ja, vi elsker» er vår nasjonalsang. Formelle vedtak var overflødige. Med alle sine svakheter vil «Ja, vi elsker» i overskuelig fremtid beholde sin symbolske rolle som nasjonalsang.

Under krigen ble en mer upretensiøs vise norsk nasjonalskatt. Finn Bø, Bias Bernhoft og Arild Feldborg skrev revyvisen «*Norge i rødt, hvitt og blått»* (1941) til en lett svensk melodi (av Lars-Erik Larsson, «Obligasjonsmarsjen», fra 1940). På Grini ble den en utbredt nynne-melodi.

*Hvor hen du går i li og i fjell, en vinterdag, en sommerkveld  blant fjord og fossevell.*
*Fra eng og mo med furutrær, fra havets bryn med fiskevær og til de hvite skjær.*
*Møter du landet i trefarget drakt, svøpt i et gjenskinn av flaggets fargeprakt.*
*Se, en hvitstammet bjerk oppi heien rammer stripen av blåklokker inn.*
*Mot den rødmalte stuen ved veien, det er flagget som vaier i vind.*
*Ja, så hvitt som det hvite er sneen, og det røde har kveldssolen fått,*
*Og det blå ga sin farge til breen, Det er Norge i rødt, hvitt og blått!*

Tilsynelatende er det en vise om norsk natur og om to russ på Karl Johan. Her er det bare idyll; idyllisk natur og idyll mellom et forelsket ungt par. Men de som hørte og sang visen, forstod at den uskyldige sangen egentlig handlet om det forbudte norske flagget. Visen var en protestvise, et ertende pek til dem som trodde at det norske flagget kunne forbys. Både naturen og kjærligheten utfolder seg i rødt, hvitt og blått. Her er ingen plass for resignasjon.

Etter krigen ble et nytt vers føyet til:

*De kjempet både hun og han! Nå lyser seirens baunebrann, utover Norges land.*
*Mot himlen stiger flagg ved flagg som tusen gledesbål i dag, for alle vunne slag.*
*Det knitrer som før over hytte og slott, et flammende merke i rødt og hvitt og blått.*
*Som et regnbuens tegn under skyen, skal det evig i fremtiden stå.*
*Se, det glitrer på ny over byen,  i det røde og hvite og blå.*

*17. mai 2013. Barnetoget starter med nasjonalsanger og glade mennesker kledd i bunader (Foto: Kjell Espedal)*

*La det runge fra gaten og torget, over landet som nordmenn har fått:*
*Du er vårt, du er vårt, gamle Norge! Vi vil kle deg i rødt, hvitt og blått!*

Nå er flagget tegnet på seier. Det symboliserer den hardt tilkjempede sannhet, og flagget er symbol for nasjonen og et samlingspunkt for alle nordmenn («*Du er vårt, du er vårt, gamle Norge*»).

Med rette har mange påpekt at nasjonalpoesien gav motstandsbevegelsen kraft til å holde ut okkupasjonen. Nasjonalsangene bidrog vesentlig til at det norske folk stod samlet i kampen for et fritt Norge.

## Nasjonalsanger og klassekamp – og EU-kamp

Norsk selvstendighet er ikke alltid en garanti for demokrati. Nasjonalsangene tar ikke alltid høyde for det. På 1920-tallet var Norge nær den situasjonen som må kalles klassekamp. Derfor kan en forstå Rudolf Nilsens

protest mot urettferdighetene i Norge. Han mente de demokratiske rettighetene ble pervertert i Norge, og derfor perverterte han like godt vår nasjonalsang:

*Åja, vi også elsker dette landet med sot og skorstensrøk og gatestøv,*
*den trange sprekk imellem grå kaserner hvor solen bare har en times frist.*
*Vi lenges vel iblandt mot noget annet: en li med vind og sus og sang i løv,*
*en strand med hav og himmel, sol og stjerner, en skog med kvaeduft fra bark og kvist.*
*Men dette er vårt land. Her har vi hjemme. Og hvad vi drømmer kommer ingen ved.*
*Vi elsker gaten - ja vi elsker landet, som vi befolker her så altfor tett.*
*Og alle andre drømmer må vi gjemme i dypet av vårt mørke sind et sted.*
*For den skal være fredløs og forbannet som sviker gaten og sin egen ætt.*

Nilsen var overbevist kommunist, og hans naive holdning til Sovjetstaten virker i dag underlig. Men det sosiale patos var ekte og berettiget.

Nilsen var konsekvent internasjonalist. Det preget norske sosialister i mellomkrigstiden, i motsetning til mange på venstresiden i EU-kampene i 1972 og 1994. Da ble internasjonalismen byttet med nasjonalistiske slagord om norsk sjølråderett. De kritiserte det politiske Norge for å ville gå inn i union med Europa. EU-motstanderne mente at denne union var den største hindringen for et demokratisk Norge. Nasjonalsangene ble brukt i denne kampen. «Ja, vi elsker» og andre nasjonalsanger ble brukt for alt de var verd.

Rolf Jacobsen skrev et dikt som sammenfatter det kanskje flertallet tenkte, Diktet «Annerledeslandet» (1972) avslutter med setningen: «*I dette Annerledeslandet som er vårt eget*». Jacobsen ønsket åpenbart at Norge forble annerledeslandet. «*Vi har aldri hatt tyranner her som har hatt oss i sin hånd. Aldri høyadel med livegenskap, og trehest og pisk*». Det fryktet han ville skje «*da vi snart skal inn i Storeuropa*».

Navnet «Annerledeslandet» ble på flere måter svært treffende. Oljen gav Norge et helt annet utgangspunkt enn noe annet land i Europa. Men om_Norge utviklet folkestyre og ujevning på en god måte utenfor EU, kan absolutt diskuteres.

## Nasjonalsanger og utfordringen for dagens skole og samfunn

Etter 1990 skjedde det at nasjonalsangene ikke lenger holdes i hevd. Grunnene er dype. En ting er at Norge er blitt et mer flerkulturelt samfunn. Dagens samfunn er dessuten, ifølge postmodernisten Jean Francois Lyotard, slik at kollektive enheter som demokrati, nasjonen, klassen, religionen, ideologien, velferdsstaten ikke lenger er bærere av mening. Dette er nok en overdrivelse, men det forklarer hvorfor nasjonalsangene lett blir et slag i luften.

I dag skrives det sjelden ny nasjonalpoesi. Ole Paus «Mitt lille land» fungerte utmerket etter 22. juli, men er egentlig en parodisk vise. Best av de nye er kanskje

Åge Aleksandersens «Vår sang». Rockesangeren fra Namsos laget en kampsang til 17. mai i arbeidersang-tradisjonen, og tre av versene siteres her:

*Ikke med de store ord og ingen tomme løfter*
*en utstrakt hånd et vennlig ord som hjelper og som trøster.*
*Vi kjemper for den ene og vi kjemper for oss alle*
*med verdighet og kunnskap går vi samlet gjennom landet..*
*En stemme blir til mange et mektig kor som synger*

*om drømmen om et bedre liv og om kampen som vi vinner*

Bare ord som forplikter i handling kan gi den «*verdighet og kunnskap*» og dermed *«et bedre liv»* for alle nordmenn. Fremdeles kan nasjonalpoesien utfordre til mer demokrati.

Det er derfor tankevekkende at det i dag skrives lite nasjonalpoesi og at den verdifulle nasjonalpoesien vi har, har gått i glemmeboken. Mange vil si at skolen har sviktet. Men det er tungt å være motkultur, og støtten fra foreldre og samfunn er nødvendig om den kulturelle arven skal videreføres. Dessuten har sangkulturen i Norge forfalt eller endret seg til et konsertkonsept, hvor løsrevne tekstlinjer brøles ut på arenaer med helsefarlig lydnivå.

I et dannelsesperspektiv må skolen og samfunnet ta utfordringen fra 1814 på alvor. Hvis en vil videreføre grunntankene i Grunnloven og hvis en vil at norsk kultur skal overleve, må en helt aktiv forming av neste generasjon finne sted.

Jeg tillater meg derfor å komme med følgende utfordring: Forfattere må engasjere seg i å skrive ny nasjonalpoesi. En må i Norge gjennomdrøfte vår kanon av nasjonalsanger. Musikere må utfordres til å gi de klassiske nasjonalsangene et nytt tonespråk. Ved «Ja, vi elsker», fedrelandssalmene, og noen andre av kjernesangene, skulle det være unødvendig. Men musikken er ofte avgjørende for om tekster skal overleve. Jeg håper at jubileumsåret skaper en massebevegelse for våre nasjonalsanger. Drømmen vil være at norske skoler driller inn 20-30 av våre nasjonalsanger og andre sanger fra vår verdifulle sangskatt. Med enkle virkemidler (talende te-skjorter etc.) kan en få til en sangbevegelse som opptrer på ulike offentlige arenaer. Noe slikt vil vekke oppsikt nasjonalt og gi et godt bilde av Norge internasjonalt.

Jeg er mer og mer blitt overbevist om at den som ikke kjenner norsk nasjonalpoesi, er på et viktig punkt kulturløs og må ta et lengre stopp på sin dannelsesreise.

## Litteratur

Artikkelen er basert på et arbeid med en bok som blir utgitt i 2014. Ellers er følgende bøker lagt til grunn:

John G. Jørgensen, A.J. Kydland Lysdahl, Vigdis Ystad: Historien om «Ja, vi elsker». Oslo: Pax forlag 2002, samt de klassiske sangbøkene: Olaus Alvestad. Norsk Songbok for ungdomsskular og ungdomslag, 1898 (2. utg. 1902); Lars Søraas: Skolesangbok. Bergen 1907 (senere 1923, 1929, 1939); Mats Berg.: Skolens Sangbok. Kristiania: 1914. (senere utgaver: 1940, 1964, 121995).

# Kjensler og kunnskap – eit tilbakeblikk på 17. mai

***Av Anne Berit Skeie***

Då ho vart bedd om å skrive eit slags valspråk eller motto for livet sitt i ei studentårbok, skreiv svigermor mi: «Gjennom viten og atter viten til forståelse og toleranse, og så kanskje til kjærlighet». Som tjueåring kan eg hugse at eg syntes det var klokt og fint sagt.

No, femti år etter, skal eg skrive om «demokratiske verdiar», og då tenkjer at kanskje er det heller omvendt? Kjensler er det første medvitet, og eg trur kjensleerfaringane våre er det vi byggjer verdiane våre på. For meg, som er fødd før krigen, må det bli: Frå kjærleik til kunnskap og forståing, og i beste fall toleranse.

## 17. mai i 1939

Danning og demokratiske verdiar er for meg uløyseleg knytte til barndommens 17. maifeiring. Den første nasjonaldagen eg hugsar, er i 1939 då eg var tre år og tre månader gammal. Eg har eit par skinande klåre minne frå den dagen. Veret var strålande, eg hadde greidd heilt sjølv å ta på den fine «ungarnkjolen» i kvit organdi med broderte blomar på. «Ungarnkjole», noko framandt og spennande i sjølve namnet, som ein prinsessekjole, så vakker syntes eg han var. Jamvel no, med veksande fascisme i Ungarn, kan eg ikkje anna enn tenkje at det må vere mange gode menneske i det landet som gav meg den første fine kjolen min.

Eg sat på akslene til far min, som må ha stått på plassen framfor Slottet, og eg hadde god utsikt, for far min var ganske høg. Menneskemylder så langt synet rakk, og så kom 17.maitoget oppover Karl Johan mot den slake bakken til Slottsplassen. Eg visste neppe kva det var, men ser enno for meg mange menn i lys blå uniformer med gullduskar, musikken bruste i lufta, strøymde frå dei gullblanke messinginstrumenta som glitra i sola. Vedunderleg!

Slike tidlege, gode barndomsminne er med på å forme, ikkje berre kjærleiken til og gleda over 17. mai, men også respekt og omsorg for dei verdiane den dagen representerer.

## …og i 1943

Så kom *Krigen*. Inga offentleg 17-maifeiring dei fem åra, men ganske sikkert mange private, og eg hugsar ein. Eg budde halvtanna år hjå farmor mi under krigen og gjekk i 1.klasse på ein liten todelt skule i Vestre Slidre. Framleis hadde eg ingen tanke for korkje demokrati eller danning, men eg hugsar det vesle toget som gjekk på den smale skogsvegen nedanfor huset til farmor. Vi var kanskje berre 12 -14 stykke, både vaksne og barn, og vi gjekk til Brenna, den opne plassen i skogen der bestevenen Jon og eg vanlegvis leikte og klatra i tre.

